

Livet langs Ånå

HANS TORGNY INDREBØ

Håelva - til kvardags bare kalla Ånå, og ingen er i tvil om kva det er tale om - renn på tvers av Jæren si lengderetning. Ho har vore til meins og glede gjennom tidene. Det var lakse-, aure- og ålefiske til matauk. Somme dreiv med perlefiske for å spe på innkoma. Nokre grov seg veiter og leia vatnet for å skaffa seg fall og kraft til ei kvern eller ei mølle for å mala eige korn eller driva med leigemaling. Vatnet i åa vart nytta til drift av turbinar både til møller og kraftverk, ja, det vart jamvel strekt strenger for direkte overføring av vasskrafta inn til treskjeverk og hakkemaskinar i lør og uthus. Elva vart senka og grøfter gravne for å vinna ny jord.

Ånå har vore staden ein nytta til å kvitta seg med avfall - før og i nyare tid - både med gjødselavrenning, pressaft frå grassiloar og industriavfall, med det resultat at fisken mistreivst så mykje at han snudde buken opp og flaut dau med straumen.

I turketider, anten det var lange frostrier vinterstid eller sommarstid med høgtrykk veke etter veke, var det godt å ha åa å henta vatn i både for folk og dyr. Åa har vore gild å ha til klesskyljing og klesvask, tarmvask og bløyting av korn for ølbrygging, skeising og bading.

Når haustflaumen kom og åa steig, var ho ikkje særleg gild å koma på talfot med. Då var det gjerne

med livet som innsats ein ga seg i kast med elva. Stort betre var det ikkje når frosten sette inn i månadsskiftet oktober-november. Isen låg der skjør og lumsk. Arne Garborg kraup langflat over åa då han skulle frå Torland til Skarbakkjen.

Det var nok lenge eit ønskje om å få til permanente bruer over elva, og meir enn ei. Det var langt mellom Undheim og Fotland, Fotland og Søyland.

Elva har sine mørke sider. Fleire har bøtt med livet i elva. Det vart òg ei og anna rettssaka for sjølvtekt eller annan urett ein meinte ein var påført.

Mange personar har fortalt om eigne erfaringar med Håelva og Undheimsåa. Det har vore ein rikdom av detaljar, historier og anekdotar. Ikkje alt er det plass til her, og det står i fåre for å verta gløymt for godt.

Vatn - ein ressurs

Det kan vera vanskeleg for folk å forstå verdet av ferskt vatn, kva ressurs det representerer når nedbøren kjem årvisst i mengder som gjev god grøde og sjeldan representerer nemnande skade. Då er det lett å sjå på vatnet og regnet som sjølvsgagt. Det kan vera verdt å sjå seg litt om og setja seg litt inn i kva dei strir med som må rasjonere med vatn heile året, ja, til og med venta eit år på at det kjem ein etterlengta eling.

Gardane og bruka langs Håelva har knapt hatt reelt behov for vatning, men har hatt vatnet tilgjengeleg om det skulle leita på, og dyra på sommarbeite har funne vegen til åkanten sjølve.

Vatn - rennande vatn - har verde i seg sjølv. Det er mentalhygiene å sitja ved elvekanten og høyra vatnet klukka mellom steinane ved låg vassføring, eller høyra duren når vatnet brusar nedover i ville kvervlar under flaumar medan regnet piskar ned.

Det er fint å sitja ein sommarsdag og sjå all slags fugl bada seg, hoppa frå stein til stein for å finna mat, og å sjå han gøyma seg i gras og kratt når han kjenner seg truga.

Ein tur langs åa ein haustdag vil gje opplevinga av ender som padlar roleg og vadarar som spankulerer i vasskanten og stikk nebbet ned for å plukka opp det vi ikkje ser. Dette er ein ressurs vi må ta vare på.

Kanskje det er dette sportsfiskaren drøymer like mykje om som den store laksen?

Tarald Oma har tenkt på kva det er som gjer at folk er viljuge til å betala i dyre dommar for å stå ved elvekanten - i regn og blåster, i storm og stille, med fluer, knott og mygg som bit, kryp og stikk - i time etter time utan å få så mykje som eit napp. Kva er det som får folk til å stå opp midt på svarte natta og gjerne køyra ein time eller meir for å snofla seg fram over stein og tue før dei kan kasta første gongen? Tarald Oma trur ikkje det er fisken alltid, i alle fall ikkje bare fisken. Fisken er bonusen. Det må vera det spesielle ved å stå ved rennande vatn, koma ut i naturen. Den spesielle opplevinga ved å stå tidleg opp, kjenna roa ein tidleg

morgon før alle andre vaknar opp og dagen livnar til med sine krav, nyta stilla ei morgonstund og sjå sola renna over Sikvalandskula.


Kanskje det spesielle ved fiskesportkulturen er det å møta likesinna, det å snu ryggen til ei varm seng og forlisa morgonsvevnen for å innta kaffien i det fri? Det kan vera den gode fiskehistoria om den store laksen dei såg som ikkje enste verken makk eller flue. "Han måtte minst vera ..." Og så var det ruggen som var heilt inne på land, men så slo han med sporden og fiskaren fekk sand og mold i augo, og då han fekk synet att, var laksen borte. Skratten står nok høgt når soga vert fortalt om han som køyrde ein time, skritta over piggrådgerde og reiv sund buksa og kom fram til hølen og sansa at han i iveren hadde gløymt stonga heime. Det vil fiskaren helst ikkje snakka om.

Laksefiske

Den sida med Håelva som kanskje kjem sterkast fram i våre dagar, er at ho er rik på laks. Der har dei ulike fiske- og fangstmetodane variert. Dei gode fiskehistoriene er heller ikkje mangelvare.

Det er ikkje nytt at Håelva har hatt laks. P.P.Flor skreiv etter ei reise over Jæren i 1810 at "Lax fanges ogsaa adskillige Steder paa Jæderen, og haves de betydeligste Laxefiskerier paa Ougne og Haae, skjønt de i de senere Aaringer meget skulle have Aftaget." Så langt Flor, og her skal det heller ikkje nemnast statistikk over mengde kilo eller talet på fisk.

Stakkars auren har kome heilt i skuggen av laks og ål. Aure har det vore i heile vassdraget frå sjøen og til



*Har fiskaren fått napp? Mange fiskarar vil helst gå med stonga der det er få andre. Det som tel, er først og fremst å koma seg ut i naturen, bort frå jag og mas, og vert det ein fisk, er det reine bonusen. Reidar Lerbrekk står ved Stemmen på Fotland.
Foto: Svale Moi.*

øvste vatnet. Sjøauren som går opp i ferskvatn, vart gjerne kalla blega. Det står skrive i kontrakten som presten på Hå i 1872, Hans Landstad, skreiv med paktaren av prestegarden, Martin Edland: "Forpakteren erholder en fjerdedel af udbyttet af Præstegaardens Laxe- og Blegefiskerier i Elven, --." John Landstad, son til Hans Landstad, meinte at det ikkje hadde vore aktande laksefiske på den tida då faren var der eller under soknepresten som kom etter faren, Holm.

Lang tid før Hans Landstad kom til Hå, var Bendix Djurhuus sokneprest i Hå i 19 år, frå 1747. Han var oppteken av laksefisket og førte langvarige rettssaker om det. Forgjengaren til Djurhuus, Ludvig Hermanni Schultz, hadde klagt til biskopen over at han ikkje fekk råderett over laksefisket slik han ville ha det. Han var nøyereknande og passa på å ta vare på rettane sine, og han låg i krangel med naboane sine. Det står skrive meir om rettssakene i Gards og Ættesoga for Nærbo av Torger Edland.

Truleg hadde prestane før han vore lite opptekne av den slags fiske, slik at folket på gardane hadde teke seg til rette og ikkje ville sleppa frå seg eit gode dei meinte å ha fått del i. Prosessen Djurhuus sette i gang enda med dom i den gongen Stavanger Lagting. Dommen kan ein finna kopi av i prestekapet sitt arkiv, står det å lesa etter Oluf A. Løwold i "Fra Jæderen.Gammelt og Nyt" utgitt i Stavanger 1888.

Marius Skadsem viser til at Hå-prestane frå gammalt av hadde rett til laksefiske i Håvågen. Skadsem nemner ein dom som fall 8. august i 1607 som seier at laksefisket frå då av hørde til Kongen. Men på same tid hadde prestane rett til avgift av fisket. Denne avgifta var kvar åttande fiska laks.

Prestane i Hå hadde ei viss inncome av lakse- og aurefiske i tillegg til inntekter av perlefangsten i elva. Det hende år om anna at det var det vi ville kalla eventyrlege fiskefangstar. Prestane på Hå fekk tilnamnet "perleprestane".

Det vart truleg ikkje dei svimlande summene av perlene, då er det rimelegare å tru at eit og anna godt lakseår kunne gje litt ekstra skillingar i kassen.

FANGSTMÅTAR

Det var først med laksetrappa i 1952 at det vart laks å få ovanom Fotlandsfossen. Fossen var for høg og strid for laksen før den tid. Hanna Fotland og Liv Ohma meinte at dei hadde høyrte at det var teke laks der før, men det var litt usikkert.

Systrene Hanna Fotland og Liv Ohma fekk ein gong

nokre syskenbarn på besøk heime på Fotland. Born likar vatn, og barneflokkene heldt seg ved åa. Då var det ein av jentungane som fanga ein aure med bare nevane. Jenta visste ikkje si arme råd; korleis skulle ho ta livet av fisken, og korleis skulle ho få blodet av han? Jenta meinte at her var gode råd dyre: ho beit fisken i hel.

Fangstmetodane for laks har nok variert gjennom tidene. Det enkle og greie var nok å stå på kanten, uti åa eller på ein stein med fork. Fork var ein gaffelliknande reiskap med mothakar. Fangstmetoden er ulovleg i dag, det er likevel grunn til å tru at det framleis er folk som nyttar lys og fork i seine kveldstimar. Det er lettare enn å reka med garn.

Reking med garn på strekkjene med rein botn har vore nytta heilt opp til nyare tid. Det var å spennast eit garn over elva og så gå ein mann på kvar side med elvestraumen for å møte og fanga fisken som var på veg motstraums opp elva. Det var ikkje sjeldan at det var fleire lag som gjekk slik etter kvarandre på denne måten på same tid, fortel Ivar Bjorland. Det hende at laget som gjekk sist, fekk meir laks i sitt garn enn det første - det var ikkje gjeve. - Når vi gjekk slik, galdt det å halda garnet tett inntil elevekanten og la garnet sopa botnen, men det var alltid litt ujamnt så det var laksar som slapp forbi, elles hadde elva vore fri for fisk for lenge sidan, meiner Ivar Bjorland.

Ivar Bjorland vil helst ikkje fortelja om dei fine fiskane han har teke i garn og på stong.

- Det har så lett for å verta historia om den store fisken som var nesten oppe i håven og han som glapp for kleppen i siste liten, seier han.



Fangsmetodane i elva har vore mange og varierte. Her er to lag ute på reking med garn etter stamfiske. Det gjekk ein person på kvar side og heldt i garnet. Korkane ligg på tvers over elva. Foto utlånt frå Jæren jakt- og fiskelag.

Ein gong, fortel han, heldt hans lag på å greia garnet for å reka, då eit anna lag dreiv forbi. Dei hadde ikkje fått fisk. Då Ivar og kameraten sette i gang, fekk dei fire laksar. Tredje laget som kom bak, fekk ein laks.

- Det største kuppet gjorde eg då eg først landa ein laks på 10 kg og to timar seinare ein på 8 kg. Det er den flottaste fangsten eg har hatt på ein dag.

Det var forresten eit år det var så veldig lite vatn i elva at sesongen vart forlengd ut september. Eg hadde stelt meg på nordsida av åa - det var ikkje rett, men eg sto nå der. Då fekk eg ein fin rugg på 9 kilo. Han vart forretten til gullbryllaupet vårt på Holmavatn, smiler ein fornøgd Ivar Bjorland og minnest ein gasta middag.

På Oma har det ikkje vore snakk om å reka eller setja garn, til det var botnen for urein. Det var nok ikkje

ukjent å stikka fisk med fork og å bruka renneløkke eller rennesnor for å få laksen.

På ein stad i åa er det ein stor stein - "Laugasteinen" - i ein stor høl - "Flæé". Sommarsdag pla borna stupa og hoppa i vatnet frå denne steinen. Men når flaumen kom og vatnet steig i åa, kom laksen på veg opp.

Største laksen fekk brørne Tarald og Ivar Oma på ein fangstmetode som ikkje lenger er lovleg. Tarald Oma fortel at dei hadde laga seg ei rennesnor, som han sa sjølv. Det galdt å tre snora over sporen til laksen og så dra til og hala på land.

Det hadde vore skikkeleg med nedbør og åa hadde stige, og laksen hadde gått opp. Vass-standen heldt seg ikkje alltid like høg når det vart opphaldsvêr, så fiskane tok seg gjerne ein pause i hølane i vente på betre tider. Nett slik var det denne hausten. Laksane vart ståande i dei djupaste hølane.

Tarald Oma hadde vore nede i Flæé og sett at det sto fleire laksar der. Den eine dagen fekk han og Ivar rennesnora om fire eller fem sporar, trudde Tarald, men det var ein rugg, den største, som smatt unna.

Dagen etter var dei på plass att med snora si, og den dagen lukkast dei med å få den gamle hannlaksen på land. Då laksen vart vogen inn hos Ree'n, stansa vekta på 16,8 kilo.

Ein fangstmetode var lakse- og ålekjer. Det finst framleis restar etter slike kjer i Håelva og Undheimsåa.

Lenge var det lov til å setja garn i elva, men det var ikkje lov å ha garn der i tida frå fredag kveld klokka seks til måndag kveld klokka seks, då var det fritt fram for fisken.



*Jostein Gudmestad: Ein stolt fiskar syner fram dagsfangsten. Fotograf ukjent. *Jærbladet.*

Når vi kjem høgare opp i vassdraget, er Ola R. Undheim ein av grunneigarane. Når det gjeld laksefiske, så har Undheim vore borti det, men ikkje nå. Fiskeretten til laksen i elva er leigd bort. Fiskarane bryr seg ikkje så mykje om det er fisk å få, bare dei får koma

ut og gå langs elva og nytta naturen. Dei uttrykkjer og at det er så fint oppe langs elva på Undheim, for her så få fiskarar.

Det syner seg at laksen går opp til Longavatnet og Tjålandsvatnet, men han kan ikkje gå opp til Litlamose eller Storamose. Grunnen til det er Fossen i Friestad-bakkjen. Og fossen heiter Fossen, slår Undheim fast. Laksen gyt i alle hølane oppover, seier Undheim.

Panta katten

Då Trygve Egeland får spørsmål om han har fiska laks, han som heile livet har budd med elva som nærmaste nabo, kan han stadfesta at han ein einaste gong har fiska ein laks. Han hadde ein kveld sett eit garn ved gangsteinane nedanfor husa rett etter at laksetrappa var opna. Då han trekte om morgonen og fekk garnet på land, hadde han fått ein fin laks. Det var bare så vidt han berga fisken i land. - Det var på nippet, sa Trygve. Trygve fortalde at det vart teke bilete av han og laksen, som vog 11,4 kilo.

Det kom krav frå heradskasseraren om at han skulle betala lakseskatt på fangsten. Trygve let skattekravet liggja heilt til det kom rekommandert brev med trugsmål om utpanting dersom han ikkje betalte inn lakseskatten. For å gjera historia kort: Trygve tok brevet med seg til heradskasserarkontoret, la det på skranken og inviterte sjefen heim til utpanting av katten. Det kom aldri meir krav på lakseskatten.

Djupålen - midtstraumslinja

Djupålen eller midtstraumslinja er der elva er djupast.

Eigedomsretten i åa går til djupålen. Det betyr ikkje at det er midt i elva, for elva kan vera djupare på eine sida enn den andre. Truleg var det viktigare før i tida å ha kunnskap om midtstraumslinja enn det er i dag. Grunnen var mellom anna fiske med faststående garn og fiske etter perlemuslingar i elva. Nå er verken det eine eller det andre fisket aktuelt lenger.

Det let seg ikkje gjera å sjå djupålen, men ein viss kunnskap om han hadde og har nok fiskarar og oppsitjarar. Når det nå bare er lovleg med stongfiske, er det ingen som tek omsyn til djupålen. Fiskaren kastar sluk eller flue dit han vil i elva.

Elveeigarlaget har funne ei genial løysing på kor mykje kvar oppsitjar skal betala i medlemskontingent. Kvar oppsitjar betalar eit grunnbeløp på 100 kroner. Det er fast. Så vart strekkinga bruket grensar til elva med målt opp og delt opp i lengder på 65-70 meter som utgjer ei stong. For kvar slik eining - stong - betalar grunneigaren 10 kroner ekstra til grunnbeløpet. Har ein grunneigar 650 meter til elva, vil det seia 10 stenger, og ein som har 325, har 5 stenger og dei betalar såleis 100 eller 50 kroner ekstra i medlemsavgift.

Ålefiske

Det vert ikkje skrivne med store bokstavar om ålefisket i Håelva og Undheimsåa. Fisket vert framleis drive. Ola R. Undheim fortel at han fiskar ål og set han i merder der ålen vert "lagra". Det er ein tyskar som kjem og handlar all ålen han kan fiska. Tyskaren har fortalt at ål er ein delikatesse. Når ålen er røykt og ferdig behandla, vert han betalt med kring 350 kroner for kiloet



*Framleis vert det fanga ål i vassdraget. Her er eit ålekjer ved Fotlandsfossen. Det er spiler i botnen og i enden av kjeret, slik rann vatnet gjennom medan ålen vart fanga opp på vandring ut.
Foto: Egil T. Nærland.*

i Tyskland. Ål vert rekna for å vera mat for gourmêtane. Kvar sin smak. Ikkje forstår eg det!

Jakt og tjuvfiske

Det var vanleg med jakt på ulike slag fuglar. Ola nemnde at faren og ein av brørne hadde skote ryper rett ved

husa, men at det ikkje fanst slik fugl nå. Det var mykje meir fugl før i tida. Det finst skyttarar som lurar seg etter det som har pels og fjør for å få tak i det dei ikkje har rett på. Det finst ei anna gruppe som lurar seg ned i elvar og bekker og fangar perlemuslingar og fisk. Reiskapen var først og fremst lysing og truleg fork til å ta fisken med. Spora etter muslingskjel langs elva og sume stader knekte greiner og fotefar i marka, talar sitt språk.

Ola meinte at det vart drive tjuvfiske etter laks. Han var ikkje i tvil. Tre var reinska for greiner slik at han eller dei som skulle driva si ulovlege gjerning, kunne ordna seg ganske usjenert.

Matauke

Før vegen kom over Jæren og bruer over bekker og åer, og meir aktuelt - før jernbanen kom over lynchheiane i 1878, var nok laksefiske i elvane noko oppsitjarane dreiv med for eige kjøkken og eigen buk. Den dagen jernbanen opna og laksen kunne fraktast til byen i ein fart før han vart skjemd, vart det andre tider. Laksen vart så godt betalt at bøndene ikkje såg seg råd til å eta han sjølv, men selde han, for skillingane kom vel med.

Betre vegar på 1800-talet og i tillegg jernbanen gjorde det lettare for folk frå inn- og utland å ta seg utover, leiga seg husvære og fiskerett. Det var ein annan og lettare måte å skaffa seg dalarane på for oppsitjarane. Dette var nytt.

Som eit kuriosum: O. Indrehus skreiv i Rogaland Fiskarsoge at det i 1872 slo til med eit rikt torskefiske utanfor Jæren. "Frå Jæren vart fisken ført i kjerrer, lass

etter lass - - . I 3 viker kjørte dei med flekt, salta eller rund fisk." Indrehus sluttar av med å fortelja at ein av Stavanger-kjøpmennene bare på ein dag handla 4500 kilo "kjerrefisk" for kring 9 øre kiloet! - 1,60 kroner for eit våg. Eit våg = 18 kilo. I dei tider var ein bytur eins med at det tok ein dag og to for å koma inn til byen og like lenge heim att.

Fiskemottak

Det var tidleg klårt at ikkje kvar fiskaren kunne senda fisk med jernbanen til Stavanger eller Oslo for den saks skuld. På Bryne var det Ree'n som tok seg av formidlinga for timebuen, medan i Nærbø hadde dei først ein kar som heitte Hans Obrestad. Hans Obrestad og Torkel Høyland selde fisk på torget. Seinare overtok Jonas Brekke oppkjøp eller vidare sending før Gaute Obrestad tok over det ansvaret. Nå er det heilt slutt både på Bryne og Nærbø. Fisken folk får opp or åa, tek dei vare på i eigen frysar til eige bruk.

ANDRE RESSURSAR I ELVA

Perlefiske

Elva er for tilgrodd med alger og gras, meiner Ivar Bjorland. Ein dag han sto og fiska etter laks nede på Bjorland og let krok og snøre gli med straumen, vart stonga tyngre og tyngre, så sveiva han inn. Fisk kunne det ikkje vera. Han trudde for visst at han hadde fått gras og graps på kroken, men nei. På kroken var det ein perlemuslig. Ivar Bjorland forklarte det slik: Då

kroken kom rekande, hadde perlemuslingen lege der med open muskel for å fanga mat, og då kroken hans kom, hadde muslingen klappa til. Og av alt så var det ei godt brukande perle i han.

Dottera til tateren Martin Johan Mathiassen Skau, Laura Johannesen, var ein flittig perlemuslingfangar. Ho dreiv særleg med fangst under siste verdskrigen. Ivar Bjorland fortel at han ikkje er ukjend med det fisket sjølv.

- Eg fann ein del perler før i tida, men nå er det slutt. Eg hadde ei samling som eg tok med meg til Sandnes. Eg gjekk inn til Otteren og tømde perlene ut på disken. Otteren såg på dei og spurde kva eg skulle ha, og eg nemnde 1200 kroner. Nei, det ville han ikkje gje. Perlene mine var ikkje verd meir enn 6-7 hundre, meinte han. Då sopa eg opp perlene og gjekk inn til Christophersen. Eg tømde perlene ut på disken og nemnde kva eg ville ha, og med det var handelen avgjort.

Siv til sko og høljing

Å hølja kjem frå gamalnorsk og tyder å sveipa inn. Langs åene var det somme stader rikt med siv som vart skore og nytta til høljing av hus og binding av sivsko. Sivet vart fint skore og bunde saman i matter. Mattene vart slegne opp på husveggene som vern mot vêr og vind, det vil seia at huset vart hølja. Det vart og brukt halm av rug eller av andre kornslag med lang halm til same bruken. Høljing av heimehusa var vanleg før i tida. Vi ser framleis eldre hus der det er teglstein på dei

mest utsette veggene som vern mot vêr og vind der ein før brukte å hølja.

På Fotland har dei ein hage eller kjelve ned mot åa som heiter "Høljehaien". Der veks det siv. Det skulle ikkje undra meg mykje om det nedanfor "Merlehaien" på same staden var ei merde i åa frå gamalt.

Masseuttak

Elva har sine vad, og fleire av dei er sandbankar. Djupavadet som låg i det gamle elveløpet mellom Taksdal og Årestad, var ein slik sandbanke. Det er fleire grunnmurar på Undheim som har sand henta frå Djupavadet. Det er det eine dømet på sanduttak. Det har elles vore henta grovare masse frå elva til fyll i hjulspor og på vegar. Nå er det heilt slutt og ulovleg med masseuttak frå elva.

Til elva med mat og klede

Før var det vanleg at det vart slakta heime på bruket. Slaktet måtte gjerast opp. Det var tørking og salting, og ikkje minst oppmaling av innmat. Alt måtte nyttast. Tarmar måtte gjerast reine, og då var elvevatnet godt å ha. Tarmar vart spylte for å verta til pølseskinn. Denne vaskinga var nok ikkje den store ureininga av vatnet.

Det var ikkje innlagt vatn frå kommunale vassverk i husa før, alt vatnet måtte berast inn i bøtter både til dyr i fjos, stall og til kjøkken. Det var eit slit sjølv med ein vassele. Det var stort framsteg den dagen nikkepumpa kom til gards.

Før vaskemaskinane vart vanlege, kunne ein sjå konene langs åene ta ut med vedfang, brønngrøte og



Det veks siv i elva som har vore nytta til mellom anna å laga seg sivsko. Sivhalmen vert fletta saman i lange remser som vert sydde saman over ein lest til sko for bruk inne. Her viser Bjørg Njå to av dei mange para ho har laga. Foto: Egil T. Nærland.

skitne klede som skulle vaskast. Her var det rikeleg med reint, friskt vatn og ikkje minst var elva gild å ha når klesvasken skulle skyljast rein for såperestar. Mange husmødre meinte at klesvasken vart mjukare når han vart skylt i kaldt elevevatn.

Jau, klesvask hadde dei drive med i elva då han var

gutunge, seier Undheim. Og kona, Bjørg, fortel at ho hadde teke ved og gryte med seg til elva for å vaska klede etter at ho kom til gards. Då kleda var kokte og vaska, vart dei lagde utover kjelva til tørk og bleiking.

- Når kleda var oppvridne, vart dei lagde utover kjelva til tørk og bleiking, fortel Bjørg Undheim, som ikkje kan seia kva tid ho drog med klesvasken til elva siste gongen.

Ølbrygging

Når Ånå har stått i teneste for ølbrygging, har grunnen vore at bygget vart lagt i jutesekk, bore ned og lagt i elva til bløyting først og fremst - og så spiring. Det var kanskje meir vanleg med ølbrygging på gardane før enn det er nå. Nå kan kven som helst kjøpa dei mengdene med kjøpeøl han vil kor han vil. Det kan vel kanskje falla litt dyrt. Då var det lettare å brygga 400 liter brygg til slåttonna med hjelp av åa både til blautleggjing og spiring.

- Ølet kunne ikkje vera for sterkt, folk skulle arbeida, var systrene Hanna og Liv einige om.

Stamper

Vi har høyrtd ordet stampe, men veit vel knapt kva ei stampe er. Visted og Stigum skreiv i "Vår gamle bondekultur" at det som vi kalla stamping, vart kalla for valking av handverkarane, men seinare vart det til stamping. Om ordet stamping kom av at sjølve stampe var laga av ein diger uthola trestokk, uthola som eit digert trau - ein stamp, er vel kanskje ikkje så urimeleg.

Tydet som skulle stampast vart lagt ned i traudet og

så vart det helt varmt vatn over tyet. Over traudet var det ein kraftig roterande trestokk som vart driven rundt av eit vasshjul. Til den roterande trestokken var det festa plankar som vart lyfta opp og sleppte ned over tyet heilt til det var ferdig stampa.

Ein stampa ty som var vove av sterkt tvinna renning og svakare tvinna islett. Målet med stampinga var at ulla i islettet skulle filtra seg saman slik at det vart tett, mjukt ty. Vadsmål og kvitlar vart stampa.

Det var komen ein ny måte å garva skinn på. Teknikken vart kalla semsking. Semsking var å fjerna håra på huda og så smørja skinnet godt inn med tran. Skinnet vart så rulla tett saman og så lagt i stampetraudet og stampa til skinnet vart mørkt og mjukt. Tranen trekte inn i huda og vart bunden i skinnet som eit garvemiddel, skreiv Visted og Stigum. Det er ikkje kjent at slike teknikkar vart brukte i stampene ved Hå-elva.

Det var ei stampe på Taksdal før omlegginga av elveløpet i 1882. Det var og ei på Fotland og ei på Njærheim. Stampa på Taksdal for i dragsuget då vatnet brøyta seg veg ved omlegginga av elveløpet. Det er meir enn 120 år sidan ho for.

Det er verre å ha noka sikker meining om kva tid dei to andre vart nedlagde og gjekk ut av bruk. Det vert rekna som sikkert at stampa som låg ved gamle Fosse bru, ikkje var i bruk i 1899, men stampehuset og eldstaden for oppvarming av vatn sto framleis til kring 1920.

Stampa er truleg bygt i samband med nybygginga av Fotland mølle i 1847. Det var jamvel ein del aktivitet ved denne stampa, veit Lars Gaute Jøssang å fortelja i



*På Fotland – som vi ser her – var det mølle og stampe og det var eiga smie knytta til anlegget.
Foto: Peder Netland. * Fotosamlinga i Time Folkebibliotek.*

boka "Fotland bygdemølle."

Då spanskesjuka herja i 1918, vart det liv i stampehuset att. Sengety og andre klede som sjuke folk hadde nytta, vart vaska og kokte her. Seinare vart stampehuset og brukt til vasking av klede og sengety etter andre sjukdommar.

Tobias T. Gudmestad fortalde at far hans hadde sagt at det var ei stampe anten på Nesheim eller Njærheim, men han kunne ikkje minnast kvar denne stampa var plassert.

TILGRISING AV VATNET

Det var ikkje særleg bra at hevdakjerrar, traktorar og doffar vart køyrde uti elva for å vaskast reine for lort, men var det godt med vatn i åa, vart ikkje skaden så stor.

Verste støyten måtte Håelva ta då siloane vart vanlege på 1950-talet. Det vart sett i gang bygging av grassiloar over heile Jæren, også langs Håelva. Pressafta vart ført ureinsa rett ut i bekker og åer.

Pressafta var næringsrik. Det var ikkje så gale så

lenge det var mykje vatn i elva og bekker, men då vatnet minka og sola steikte, vart det gale. Det er slik at innkøyring av gras helst skjer når det er opphald, og då minkar vassføringa i bekker og åer raskt.

Det vart ein vond sirkel. Det vart ei oppblomstring av planter, mikrobar og algar som brukte opp oksygenet. Det grodde "lammahalar" - sopp på botnen der pressafta vart sleppt ut i vassdraget, og verst var det i dei mindre bekkene.

På dagtid produserte plantene oksygen, og det var rimeleg med oksygen i vatnet. Fisken som sto ute i osen, våga gå opp i elva, men då kvelden og natta fall på, var det ingen oksygenproduksjon, men forbruket av oksygen var der framleis. Då det leid frampå morgonkvisten i tre-firetida, var oksygentalet på eit lågmål, så lågt at laks og aure kom flytande med buken i vêret. Fisken var kvelt for han låg der med open kjeft og opne gjeller. Ålen tolde lågare oksygental og overlevde.

Så var sesongen slutt og alt var vel, kanskje, men då var det ikkje næring lenger for soppen som hadde grodd opp. Soppen losna og byrja rotne og ga ein ufyseleg stank. Så kom det lovpåbod om at silosafta skulle ut på åker og eng. Det var god gjødnings. Silosafta kan og nyttast som drikke til dyr.

Avrenning frå jordbruket har elles vore eit problem ein del år. Bruk av handelsgjødning starta opp i noko omfang først rett før siste verdskrig med ei gradvis opptrapping utover femtiåra. Det var flott å få fine grasavlingar. Det vart lettare å handtera graset med traktor og silosvans, og då forhaustaren kom, og legda



Håelva har hatt ulike oppgåver, mellom anna har konene vaska klede, karane bløyta korn til ølbrygging, og mangt eit fiskemåltid har vore henta herifrå, men andre har sett at det var ein grei plass å kviitta seg med avfall, lann og lort, silopressaft og industriavfall med alvorleg fiskedød som følgje m.a. i år 2000.

Foto: Vegar Bakken.

i graset ikkje spelte noka rolle, vart det nærmast å pøsa på med hevd. Jorda og plantene var ikkje i stand til å ta vare på all gjødsla som vart køyrd ut, med den følgja at ein god del tok vegen ut i elvane. Nå må kvar brukar ha ein gjødselplan, elles vert han straffa på pengepungen.

Tida for utkøyring av naturgjødning er lovregulert. I grove trekk er det ikkje lov å køyra ut naturgjødning vinterstid. Det hender at ein traktor durar etter at det er mørkt ein fredagskveld vinterstid, og det luktar lort så det svir. Alle kontor er stengde. Og så var det det med det gode naboforholdet.

Industrien i området kan sleppa overflatevatn ut i åa, men alt vatn frå anlegga elles skal reinsast før det vert sleppt ut. Det har hendt at det har vorte utslepp som har medført stor fiskedød. For det eine indu-

striutsleppet vart bota så stor at det burde skræma alle frå å gjera liknande - store eller små utslepp - i framtida.

Det er heller ingen tvil om at vatnet framleis vert ureina. Det synta all daud aure i Tjensvollbekken seinast 1. april 2004. Ungdomsskuleelevane ved Undheim skule talde 40 daud aure, frå dei minste på knappe 20 gram til dei største på kring 400. Dagen før var det observert naturgjødsel i Tverråa på Garborg.

LEIK OG MORO, MEN IKKJE UTAN FARE

Der det har vore djupe nok hølar i åa, har folk samlast for å bada. Det var felles for Undheimsåa og Håelva. Ivar Oma fortel at han og kameratflokkjen hadde ordna seg med to gode sildetønner. Over tønnene slo dei fjøler og fekk seg ein gild flåte til å leika seg med i Flæé. Trygve T., ein av kameratane, var på fartyet og kom for langt utpå kanten av flåten, og vips så forsvann Trygve under. Så dukka hovudet opp og så strekte han opp ei hand og ropte: Mamma! og så forsvann han under att. - Men det var ikkje krise, for me sto botn der, sa Ivar Oma.

Gutane på Oma leika seg med å springa og hoppa frå stein til stein. Det galdt å koma fram utan å verta blaut på føtene. Ein av gutane ropte begeistra: - Nå er eg over det verste, men så var det plops uti. Det var det der med hovmot - eller var det konsentrasjon?

- Me gjekk frå Oma til sundagsskule på Fotland. Me fôr over markene, og så gjekk me over reguleringsdammen nedanfor kraftverket. Der var det ein del



Barn og vatn høyrer uløyeleg saman, ser det ut til. Olav Nærland er her ute i elva med farkosten sin i 1984. Ein må tidleg krøkast som god kaptein skal bli, heiter det, lett omskrive. Foto utlånt av Kjellbjørn Nærland.

jernpålar i damveggen som me klatra i. Det hadde aldri gått i dag då alt er regulert, minnest Ivar Oma.

Dei siste åra har det vore så milde vintrar at det ikkje har vore nemnande frost og heller ikkje is. Var det høgtrykk og kaldt vêr i lang tid, kunne det skorta med vatnet på både det eine og det andre bruket. Då var åene gode å ta til. Det var å hogga seg hol i isen for å koma ned til det rennande vatnet. Det var eit utriveleg arbeid å køyra vatn i tønner og spann. Det skulle ikkje mange



Glade ungar har teke seg ein dukkert i elva. Frå venstre: Dagfunn Bjorland, Terje Nærland, Egil T. Nærland, Tilla Maria Haugland, Gaute Nærland, Magne Nærland. I bakgrunnen ser me Rimestadgarden. - Det var ikkje alltid like gildt å vera gardsungdom og sjå stasjonsungane gå i Ånå når ein sjølv måtte ta kveldsstellet i fjoset, uttrykte ein av oppsitjarane til elva. Foto: Reidun Braut.

dropane til før alt var glatt og vanskeleg å handtera.

For at ikkje holet i isen skulle frysa til og måtte hoggast oppatt neste dag, vart det stappa ein halmvisk i opningen, fortel Ivar Bjorland.

Når isen hadde lagt seg tjukk og sikker, var det veg over til nabogardane, elva var ikkje lenger eit fysisk skilje mellom naboar.

Ivar Oma fortel at dei som ungar leika seg med å sykla på elveisen. Det var kjekt, men det hende at dei la i veg når isen var for svak. Då gjekk det som det måtte, sykkel og gut gjekk i vatnet. - Heldigvis var ikkje

åa djupare enn at øvste kanten av sykkelhjula var ovanom vatnet, men tenk om ein av oss hadde kome under iskanten i elvestraumen? spør Ivar Oma seg og tenkjer med gru på koss det kunne ha gått.

Då stemmen for elektrisitetsverket på Undheim var i drift, og det var brukande med vatn i magasinet, møttest barn og unge om sommaren til bading.

Ola R. Undheim minnest at det var laga eit tverrtre ved stemmen for dei som ville hoppa eller stupa uti. Nå er stemmen borte, og det er heller ikkje vatn til å bada i.

Til Njærheim for skuleeksamen

Omgangsskulelæraren Ådne Lode og presten Sandberg skulle frå prestegarden på Hå over til Njærheim. Ådne fortel at elva ikkje var til å fara over, ho såg nesten ut som kanalen mellom Frankrike og England. Det var ikkje mogleg å ro over sjølv om det var så mykje overvatn på isen at det gjekk til midt på leggen. Ikkje visste dei to om isen bar heller. Då var det at Sandberg ba Ådne om å gå over først. Det gjorde vel ikkje så mykje om ein skarve omgangsskulelærer datt ned i og låg dau der.

- Så tenkte eg med meg: ken er best beredde av meg eller presten til å detta ned i og liggja dau her? Så vart eg sinte og tenkte, det fekk gå som det ville. Eg tok fart og rende til, og eg kom meg mykje betre over enn presten. Eg veit kva eg tenkte, men eg sa ingen ting. Dette litt fritt etter Ådne Lode.

Håelva og Undheimsåa kan briska seg, og det ikkje bare i haustflaumane. Når det har vore langvarig vinter og vatnet i elva har frose seg til tjukk is, kan det verta skikkeleg isgang når våren med mildvêr set inn. Isen losnar og stappar seg opp i isbruer. Då går vatnet i Ånå langt utover det vanlege elveløpet.

Ein trist dag

Tre ungdommar hadde vore ute på sykkeltur og vorte gode og varme. Dei var komne fram til "Renna" i elva ovanom Fossen. Her var det vatn nok, god plass og svalt vatn for heite og sveitte kroppar. Dei stupa uti. Vatnet var kanskje kaldare enn dei hadde rekna med - i alle fall fekk dei krampe, og to av dei tre drukna der den

ettermiddagen. Dei to har ikkje vore dei einaste som har mista livet i Hå-elva, men dei får vera dømet på at ei elv som ser ganske roleg, grunn og ufarleg ut, skal ein ha respekt for og vera varsam med.

MØLLER OG KVERNAR

For oss jærbruar passar det godt å skriva kvedn og kvednar. Vi som var vane med å nemna bydelen i Stavanger for Kvednavig og som framleis gjer det, likar ikkje at det vert skriva og uttalt Kvernevik. Namnet fekk nok den vesle bukta etter kverna som vart driven av vatnet som kom frå Hålandsvatnet. Ho måtte vika plass for elektrisitetsverket i Randaberg som vart bygt der i 1914.

Så kan vi undra oss, prøva å sjå føre oss korleis det var på Jæren for kring to hundre år sidan. Eit lite hundreår før det landskapet Arne Garborg skildra i "Fred" - eit aude landskap med brunlét, ein og annan grøn flekk med steingardar lødde opp kring den dyrka jorda.

Lieutenant P.P. Flor reiste over Jæren i 1810, og han fortalde korleis han såg og opplevde Jæren med kvernane. Flor fortel:

"Møllehuse ere ogsaa optømrede af kløvede Træstammer eller tykke planker, sjeldent større end til 2 par Qverne, ofte kun til eet; for Resten saameget Rum, at et Menneske kan sidde derinde og sammale Kornet, thi Sigter haves i Almindelighed ikke. Om der til en Gaard, paa Jædderen især, er en Bæk var den end ubetydelig, finder man dog ofte ligesaamange Qværnhuse, som Gaarden har opsiddere, og, hvis der ei har

været nødvendig Fald til alle, er der muret op Fald, der er at sige, af Steen og Tørv opført en lang og bred Rende, der stundom er mere end hundrede Alen Lang, hvori det opdæmmede Vand tvinges til at rinde til den Trærende, som leder Vandet til Qværnekallerne, det vil sige: de Stokke med Hjul, som drive Qvernstenene." Så langt P.P. Flor.

Kvernar ved kvar sildrebekk

Det er tydeleg at det har vore kvernar ved bekker og åer over heile Jæren. Det heiter Stemmen både i den eine og den andre bygda, men det finst ikkje lenger nokon stem. På einskilde bruk er det ein hage eller eit område som framleis vert kalla "Kvennhushaien" eller "Torkhushaien," men noka kvern eller tørke er det ikkje å sjå lenger.

Det var slik ved Hå-elva og at det låg kvernar langs åa på rekke og rad. I ein artikkel i "Frå bygd og by i Rogaland" av J. Teigland står det skrive at det låg åtte kvernar på rekke og rad ved åa på Undheim. Teigland skreiv vidare at bruka, som låg i ei klynge på Store Undheim, " - leia vatn frå fjellet heilt til tuns, og det treskte dei med. Mest kvar mann hadde treskehjul i løa." Ruslar vi oppover langs Undheimsåa mot Storamose, så finn vi restar etter kvern på Slettene og lenger oppe ved Fløyemeland og i Mærlia. Det låg kvernar på Taksdal, Hadland, Høyland og Garpestad, Fotland og Oma. I nokre høve hadde gardane som ikkje låg til elva, fått vassrett til ei kvern.

Skrudland hadde to "nye" kvernar i 1830. Rett nedanfor hadde Løge fått bygt kvern som fekk vatn frå

same dammen som dei Skrudland, men først etter at Skrudland hadde gjort seg ferdig med si maling. Det var vanleg at fleire kvernar brukte same vatnet, mellom anna hadde Vestly tre slike kvernar.


Det var to kvernar rett vest av Fotland Bedehus. Fallet var svært dårleg her, det vart lita kraft i vatnet. Det vart sagt at ein mann måtte stappa vatnet i renna for at vasskallane skulle sviva.

Vi kan følgja elva vidare heilt ut til osen i Håvågen, men kvernane låg ikkje så tett ved åa nedanfor Haugland. Det var for lite fall, og lendet var for flatt med fare for overfløyning til at det var forsvarleg å byggja seg ei kvern her. Men det vart bygt ein kanal over Alvaneset på Njærheim, og slik vart det skapt fall nok på vatnet til drift av ei kvern der.

Det var elles gardskvernar ved kvar sildrebekk. Dersom vi følgjer Tverråa der ho renn ut i Hå -elva på Haugland, så var det ei stor kvern på Haugland, og vi vil finna at det låg kvern på Mauland, og det var fleire på Garborg.

Kvernar på Garborg

Det låg fire kvernar på Garborg sørvest for "Nora Forabrua" - mellom Tverråa og vegen til Mauland-Njølstad. Det var kverna til Andresplassen, Eivindplassen, Osmundplassen og til sist Ommundplassen. Det var dei tre siste som hadde stemt vatnet slik at det vart i minste laget for Andres Jensen Garborg. Han kunne ikkje lenger ta imot korn til leigemaling og tapte såleis ei kjærkomen inntekt. Han stemde dei tre inn for forliksrådet. Det vart ikkje semje der, og saka kom til



Bekkekvernane var enkle og praktiske, men det var ikkje mjølsikter til dei. Bekkekvernane kom til å tapa kampen mot dei stor møllene som kunne finsikta mjølet. Her er ei skisse som viser korleis ei bekkakvern var bygt opp. Disse små gardskvernane hadde to steinar. Den som låg nedst, låg i ro, medan den øvste sveiv. Kornet vart leia ned i eit hol i midten av den øvste steinen og vart knasa til mjøl mellom dei to steinane. Skulle mjølet verta fint, måtte kvernsteinane liggja tett innåt kvarandre. Steinane som var av naturstein, var gjerne glimmerskifer henta ut av berget i Hyllestad i Sunnfjord, Vågå i Gudbrandsdalen og Selbu i Trøndelag. Seinare kom det støypte steinar. Teikning: Olav Rudi. Melding frå Bekkekvernutvalget. Statens Kornforretning. 1965.

å vera i rettsapparatet frå 1856 til 1863 - mange og lange år som tærde på sinn og kropp til den einskilde. Det var krangel og rettsaker om vatnet på Garborg. Det har ikkje vore den einaste plassen. Men rettsaker og tvistar skal få lov til å liggja, for noko anna er dei stort sett ikkje verde.

Tverråa

Dersom vi ruslar opp ved Tverråa og tar av langs Risa-bekken, er det nesten som å koma til ein heil "landsby" med kvernar i Risaskogen. Restane etter tuftene ligg att, og så er det ein og annan kvernstein. Det er nesten trolsk å gå inn i skogen her og drøyma seg attende til den tida då det rauk sur torvrøyk frå skorsteinane til kornturkene, og vatnet stemte opp sin musikk ved å setja fart på kvernkallar og møllesteinar. Eller var det Nøkken som spelte opp på fela si?

Men det budde folk på Våland, og der var det to kvernar, og går vi så mot aust over kommunegrensa frå Hå til Time, er vi komne til Helland, der det òg var kvernar på både Helland Nedre og Helland Øvre.

Slik kan vi følgja kvar bekken som renn ut i Hå-åa og finna tufter etter kvernhus. Bak blandeverket til Jæren Betong er det flotte steinmurar etter eit nedlagt bruk på Gauslandssida. Rett ved sida av gardshusa er det murar etter ei kvern og hol i bakken etter staden der kvernkallen sto. Og vatnet - det vart samla opp bak ein lang låg stem frå eit sig - men det vart vatn nok til at bruket vart hjelpt med kornmalinga. Det er ikkje usannsynleg at det låg fleire kvernar ved Gauslandsbekken.

Då bygdemølla Lode Mølle tok form ved Lode-



Det var gardskvernar – òg kalla bekkakvernar – ved den minste til den største bekken som renn ut i Håelva. Fleire stader låg kvernane på rad og rekke. Det var ikkje så mange kvernar langsmed sjølve hovudvassdraget. Rett ovanom utlaupet til Tverråa på Haugland låg ei stor mølle, her etter akvarell av Harald Øglend i 1942. Foto utlånt av Ole B. Haugland.

bekken i si tid, vart gardskvernane som låg der, kjøpte ut. Lenger oppe på Skjærpe var det fleire kvernar, fortalde Odd Skjærpe som peika ut stadene der dei sto i si tid. Motland, Kvia og Raudarudlå hadde kvar sine kvernar, og lengst oppe på Bø, var Gjerdestemmen. Det var ei kvern på Bø og to på Bjorland.

Dette var langs bekkene som førte mest vatn, men kvernane låg spreidde overalt der det var aldri så lite vatn å samla.

Dei som bygde ved Hå-elva var betre stelte med vatn, meir visst. Men dersom ikkje byggherren tok seg i vare og sikra seg mot hundreårsflaumen, kunne det gå gale, slik det gjorde på Oma. Tarald Oma fortel at ein av hans forfedrar, Tarald Oma, hadde bygt kverna



Dette gamle biletet syner møllebruket på Nesheim bygt før 1860. Også denne mølla fekk vatn frå Lodebekken. Ved mølla låg det eit lite kraftverk som kom i drift i 1906. Møllebruk og kraftverk brann ned 2. februar 1944. Foto: Emelankton Aadnesen. Utlånt av Ove Tobias Gudmestad.

optimistisk nært elva. Flaumen kom og kverna fôr med alt som var, til sjøs, må vita. Då kom det etter ei stund melding frå Vik at dei mellom andre strandrekster hadde funne kornausa til oldefar Oma. Det var ganske enkelt, for han hadde skore bokstavane sine inn i ausa.

Kvifor alle desse gardskvernane?

Det er god grunn til å spørja seg kvifor det fanst så utruleg mange kvernar kring på gardane og ein-skildbruka. I tidlegare tider var det kvinnfolkarbeid å bruka handkvern for å laga grautmjøl, men då teknikken med å nytta rennande vatn som kraft til å dra møllesteinane vart kjent, skifta rolla. Nå vart det bygt

små kvernhus ute i marka. Her kunne gubben sitja i fred og ro og sjå på at kornet vart mole til mjøl. Nå var det brått vorte verdig for menn å laga mjøl.

Går vi attende til tida Flor skriv om, var det naturalhushaldet som rådde grunnen. Pengehushaldet, slik som vi kjenner det i dag, var heilt ukjent. Ein familie måtte klara seg med dei varene som bruket ga både til å ha på seg og til å fylla seg for vokster og vedlikehald. I beste fall kunne ein byta varer med naboen, eller yta tenester mot varer.

Det kosta å få malt kornet, og ved å ha si eiga kvern som ein kunne gå til, var det pengar spart. Det kosta nok å setja opp ei kvern, men det var truleg òg andre

moment som talde. Det var greitt å kunna gå til eiga kvern når det var tomt for mjøl i bua. Det burde ikkje vera for store mengder mjøl lagra heime med gongen. Mjølet kunne verta ei freisting for rotter og mys. Eit problem har til alle tider vore at insekt av ulikt slag har funne vegen til mjølkipa, vert det lagra i for lang tid.

Grunnen til den store kvernbygginga kan vera så menneskeleg at det heile kan uttrykkjast slik: Kvifor skal ikkje vi på vårt bruk kunna halda oss med ei kvern når naboen gjer det?!

Det vart elles ein konkurranse mellom dei einskilde møllarane om kven som var flinkast til å laga det finaste mjølet. Trass i at det var ei kvern på "kvar" bruket, var det likevel bruk som var kvernlause. Der måtte dei kjøpa seg mølleteneste. Då gjekk ein med kornet til den flinkaste møllaren. Slik kunne ein flink møllar på ei gardskvern skaffa seg nokre ekstra skillingar i eit elles pengefattig samfunn.

Utetter 1800-talet vart det laga betre maskinar og gjort nyvinningar med betre møllesteinar, og møllateknikken elles vart utvikla. Kverneigarar som våga seg på å følgja opp dei nye tidene med investeringar, kunne produsera eit finare mjøl. Samstundes byrja folk flest å få litt meir pengar mellom hendene. Ein opplevde eit rikare fiske, ny industri og ein handelsflåte som ga arbeid og fortene. Det vart meir aktuelt å betala for å få kornet malt på dei nye møllene. Møllarane vann seg ny erfaring og vart flinkare.

Dei små, gamle gardskvernane der alt kornet vart sammalt - utan sikt - tagna utetter 1800-talet. Etter 1850 må det ha gått rimeleg raskt.

Folk fekk betre vanar. Bruk av bygg og havre måtte vika for rug og kveite i hushaldninga, og det galdt særleg i byane.

Bekkekvernane vart ståande for fé-foten og til forfall. Husa var ikkje nyttande til noko anna - det måtte vera til ved. Utan bruk og jamt vedlikehald, gjekk det ikkje lang tid før ei etter ei fall saman der dei gjerne sto ved ein bekk. Restane etter dei finn vi, steinmurar etter kvernar og turker og lange veiter der vatnet vart leia inn til kvernkallen. Dei er ikkje så vanskelege å finna. Og midt på 1900-talet var gardskverna historisk. Dei siste som var i aktivitet, vart brukte under siste krig. Ei og anna har vorte sett oppatt seinare. Slik kan vi få sjå korleis dei såg ut og ha ein idé om korleis det var. Ei og anna kvern vert sett i drift ein dag for kuriositeten og synt for interesserte som vil vita korleis mjølet til tippoldemor vart laga.

Bygdemøller

Bygdemøllene var leigemøller og måtte følgja lovverket frå 1928 når det galdt drifta. Det var tre møller langs Hå-elva med status som bygdemøller.

Det var ei stor bygdemølle på Lode i Nærbø, Lode Mølle. Det vart den yngste. Mølla med turke og kornsiloar står framleis, og siloane vert framleis brukte under innhausting. Lode mølle var i drift lengst av bygdemøllene langs Hå-elva. Mølla på Lode brann ned, og då mølla på Hølland i Ogn vart for sal under siste krig, vart heile utstyret kjøpt og frakta til Nærbø.

Bygdemølla på Nesheim var i drift til i februar 1944 då lauseld gjorde ende på det møllebruket. Bruket



På Lode låg det på 1800-talet fleire bekkakvernar. Dei vart kjøpte opp, og ny, større mølle vart bygd. Den nye mølla gjekk opp i flammar i 1946. Akvarell av Harald Øglænd 1943. Foto: Jærmuseet.



Lode mølle var ein representant for bygdemøllene som nå fungerer som kornmottak. Lode mølle låg ved ein sidebekk til Hæelva - Lodebekken. Mølla var i drift heilt fram til 1990-talet. Godtfred Lode var eigar og møllar til han selde på 1960-talet til T. Skretting. Seinare har nye eigarar kome til. Foto: H.T. Indrebø.

høyrede til familien Gudmestad på Nesheim. Det vart aldri aktuelt å setja opp nytt av fleire grunnar. Mølla på Nesheim låg der som kloakkbrua nå går over elva til Alvaneset.

Mølla på Nesheim vart bygt av Køhler då han bygde opp Nesheim ved å kjøpa opp bruka. Samstundes med oppkjøpet av jorda, kjøpte han gardskvernane og rettane til vatnet. Dei små kvernane vart fjerna, og han bygde ei stor og moderne mølle kring 1850. Det var tre kvernar i mølla.

Fotland bygdemølle

Det var tungt arbeid for dei som sleit i dei gamle bygdemøllene. Det kunne Godtfred Lode fortelja mykje om. Ofte var møllaren aleine om å baksa med kornsekkene som ikkje alltid hadde standard vekt på 40 eller 50 kg, for like ofte var sekken kring 100 kg. Det kunne røyna både på armar, rygg og ikkje minst føter. Bare prøv å bera ein sekk på 100 kg på ryggen, det kjennest i føtene og knea, det er sikkert. I dei hardaste taka kunne det nok henda at møllaren fann fram kannar med øl for å sløkka tørsten og gje bonden som skulle heim med mjøl ein slurk med på vegen.

Det kom fram i bryllaupet til Gunnvor Fotland, dotter til Gabriel Fotland, då ho gifta seg med Nils Berge. Det kom eit telegram til brurfolket og gjerne eitt til ein av gjestene som det skulle apast med - slik det gjerne hende før - men denne gongen kanskje mest til brura sin far, Gabriel.

"Godt var ølet
då eg kom etter mjølet.

Drikk og et,
men bruk vet."

Det var truleg ein kar frå Hognestad som var avsendaren.

Det var nokre faste møtestader i bygda før som det er det i dag. Frå gamalt av var nok kyrkjebakken ein fast plass. Det var der det handskrivne brevet frå styresmaktene lensmann eller prest, las opp for kyrkjelyden. Meldinga kunne vera kor omgangsskulen skulle vera dei neste vekene eller at nå vart det sesjon for menn i høveleg alder.

Nytt frå lensmann og prest og annan offentleg informasjon flaut ikkje så lett frå mann til mann. For å setja meldingstenesta inn i ein samanheng, nemner vi at sjølv om det fanst aviser i Noreg frå 1763, var det ikkje vanleg med eit blad i heimane. Telegraf var ein realitet frå 1835 og telefon kom først nesten 50 år seinare, og både telegraf og telefon var avhengig av strekte linjer; radio vart innført i første halvta av 1900-talet. Datamaskinar og elektronisk post, og små trådlause mottakarar og sendarar - mobiltelefonar - for samtalar og kortmeldingar er heilt nye remedium.

Meieri-plassen var heller ikkje oppfunnen. Første meieria kom først i større tal på slutten av 1800-talet, Nærbø meieri i 1886 og Undheim meieri i 1897, og så kom handelslaga rett over på 1900-talet.

Då var det ein framifrå plass å fretta nytt hos møllaren, for han visste det meste, må vi tru. Nesten som ein god frisør. Møllaren møtte folk frå ulike delar av bygda. Kvar hadde sitt han kunne fortelja om husdyr og rovdyr, skade og sjukdom, føreståande bryllaup og

slåsskampar. Kanskje var det slik før som i våre dagar at det pirrar litt når nokon seier: He du haurt ---? Rimelegvis måtte nok møllaren passa munnen og sjå sine folk litt an, elles kunne det minke med folk som hadde bruk for maling neste sesong. Møllene låg ikkje så langt frå kvarandre at turen til konkurrenten vart nemnande mykje lengre.

Det var gardskvern på Fotland så tidleg som 1668 - og kanskje før. Dei som åtte vassrett og grunn ved åa hadde visjonar om noko meir. Den gamle gardskverna vart riven, og heilt ny og større vart sett opp av Peder Larson Fotland i 1847. Det vart eit tidsskifte i mølledrifta. I tillegg til møllebygningen med plass til tre kvernar, vart det bygt ei stampe og ei smie. Tre av fire kvernkallar vart nytta til kommmaling. Det vil vera naturleg å tru at den fjerde var nytta til drifta av stampa. Stamping av ty hadde eit visst omfang kring 1850 og utover.

Mølla på Fotland stansa drifta i 1968, og ho vart gjenopna som museum i 1995. Husa som vart bygde i 1847, er dei same som står i dag.

Mølla på Undheim

Det var ei stor mølle på Undheim. Den mølla brann og ned. Det var truleg ein gong på 1930 talet - årstal er vanskeleg å få for brannen. Paul O. Undheim som eig grunnen der restane etter mølla ligg, fortel at bøkene som høyrde til mølla lenge låg i det gamle huset på garden, men nå er dei sporlaust borte.

Denne mølla hadde truleg to kvernar. Det var to kanalar som førte inn til mølla. Det var ei mølle for

leigemaling. Kvernsteinane vart seinare køyrde til Fotland.

Den gamle vegen frå Tunheim kom opp over Bjørnholen og fortsette over åa i Alisvadet ved mølla. Det var som ein vegkross ved mølla, for vegen til Årestad gjekk nordetter herifrå.

"Grønmyllå" på Vigre

Det offisielle namnet til mølla på Vigre i Nærbø var "Lutlaget Vigre mølle" som truleg kom i stand i 1883 som ei havregrynsmølle. Det hadde vore mølle på



*Slutten på 1800-talet var ei gründerartid. Mange av verksemdene som vi har i distriktet, vart til i denne perioden, men nokre vart nedlagde, slik som det gjekk med "Grynmølla" på Vigre i Nærbø. Mølla låg ved vegen ned mot Obrestad ved oppkoma – "Porren" – og ein liten bekk som renn ut i Håelva. Her er Per Vigre fotografert av Gerhard Holm 26. juli i 1906, med mølla i bakgrunnen. * Fotoarkivet, Hå Folkebibliotek.*

staden der denne mølla vart oppført, for det står i branntakstforretningane at bygningane vart trygda i

1876, og at det var brann i denne mølla i 1880.

Havregryns mølla var ikkje den store arbeidsplassen, det var ein mann i arbeid. Mølla fekk heller ikkje lange levetida, i 1920 var drifta slutt.

NÆRINGSVERKSEMD

Det har ikkje bare vore møller, kvernar, kraftverk og stamper som har nytta seg av vatnet i Hå-elva og sidebekkene.

Frå ei av kvernane på Fotland vart det sett opp ei rekkje med stolpar frå den gamle kverna ved åa og opp til det gamle tunet. Det var meininga å få overført krafta frå vasskallen ved ei innretning heilt opp til låven. Krafta skulle brukast til å driva reinsemaskin og treseverk. Det same vart gjort på Våland. Der låg òg løa så høgt at det ikkje var råd å få fram vatnet. Vasshjulet sto i bekken og krafta vart overført med tauverk eller vaier opp til løa, meinte Johannes Våland, men han trudde ikkje at denne innretninga til faren fekk lang levetid.

Det er desse to stadene det er kjent at folk prøvde seg på kraftoverføring frå vasskallar eller vasshjul over større strekningar.

På Motland i Nærbø vart vatnet leia i kanal heilt innåt husa. Vatnet dreiv der eit stort vasshjul.

Undheim Meieri

Undheim meieri ville truleg vorte bygt nede i det gamle tunet på Tunheim då det skulle starta opp, men meierimeister J. Grude som teikna meieriet, hadde lang

erfaring med slikt arbeid og rådde til at meieriet skulle leggjast ved Undheimsåa. Undheim meieri vart lagt til Undheimsåa nettopp fordi at eit meieri er storbrukar av vatn.

Det var vatn til kjøling av melk ein først og fremst hadde bruk for, men i første tida var kjøling og brukt for å få mest mogleg fløyte or mjølka til smørproduksjonen. Meieriet var første åra rein smørproducent. Sjølv om separatoren var komen i bruk, var han første tida handdriven ved meieriet på Undheim. Det må på mange vis ha vore litt av eit helseslit. Å sveiva separatoren var tungt, og arbeidet gjekk på omgang mellom leverandørane etter tur og levert mjølkemengd.

Seinare vart det bygt vasshjul til å driva separatoren og andre maskinar. Sjølv om meieriet fekk installert ein liten likestraumsdynamo innandørs i 1923, produserte han ikkje meir straum enn at det vart til lys i verksemda og straum nok til ei pære eller to hos naboen. Først då Undheim Elektrisitetsværk kom i drift i 1929 var det slutt med vasskraft ved meieriet.

Planar om teglverk på Årrestad

Ein gong var det store planar om å byggja eit teglverk på Årrestad på bnr. 3. Det var meininga å føra vatn i ein kanal frå Bjørnholen og grava seg langs høgdedraget på sør- og vestsida og så venda vestover til bnr. 3 når ein var på høgde med Månheim.

Arbeidet stoppa opp kort tid etter starten. Truleg av at motet til utbyggjarane i utgangspunktet var større enn pengemengda, antyder Sverre Undheim.

Det er framleis tydelege far i utmarka etter kanalen.



*Undheim meieri sto ferdig 18. februar 1898, og tok første dagen imot 401 kg mjølk frå 21 leverandørar. Meieriet vart bygt ved åa for å nytta vatnet til kjøling av melk og drivkraft til maskinane. Heilt til høgre i biletet ser vi ishuset.
Foto: Anton Tjemslund. * Fotosamlinga i Time Folkebibliotek.*

Elva var kraftprodusent

Det var produksjon av elektrisitet på fem stader: Nesheim, Garpestad, Høyland, Undheim og Fotland. Då er ikkje den vesle dynamoen ved Undheim meieri teken med. Fotlandsverket var det største, men ikkje det første.

Nesheimverket

Kraftverket på Nesheim i Nærbø var ikkje av dei store. Bygningane låg nede ved Håelva, rett nedanfor der vegen tek av frå riksveg 44 til Nærbø. Det går ei gang-

bru over til Alvaneset der møllebruk og kraftverk låg. Kor stor kapasiteten til verket var, er uvisst. Den produserte energimengda var nok avhengig av tilgang på vatn til verket og storleiken på generatoren, men det var straum nok til bruka på Nesheim.

Det vart bygd stort møllebruk på Nesheim tidleg på 1800-talet - truleg kort tid etter at Johan Mandius Køhler hadde kjøpt opp jorda på Nesheim i 1856, for å få til eit storbruk som han hadde sett maken til i Danmark og Tyskland. Møllebruket vart bygt med tre møllesteinar og to tørker same året eller kort tid etter.

Det hadde stått kvernar på staden før, ein har seinare funne restar etter dei.

Vatnet vart ført fram til møllebruket frå Nesheimtjørna gjennom ein kanal og oppbygging av vassrenne for å få godt fall ned til vasshjulet, som var eit overfallshjul. Nesheimtjørna var inntaksdam og vassmagasin som fekk tilførsle av vatn som vart leia inn frå Lodebekken. Bekken hadde før runne rett i Håelva, slik som han gjer i våre dagar.

Då det vart aktuelt med elektrisitetsverk på slutten av 1800-talet, byrja dei på Nesheim å snusa litt på korleis dei kunne få seg råd til eige elektrisitetsverk. Planane tok form. Prisar vart henta inn, men kapital i reie pengar mangla.

Gardsbruket på Nesheim var stort, det nådde frå heimehusa nede ved riksvegen heilt opp til skiftet mot Skjærpe. Då vart det området lengst oppe, Bjorlandshagane, som sto for fall, og det vart selt for å finansiera kraftverket med generator, turbin og røyrgate. Verket kom i gang i 1906. Verket på Fotland starta opp første gong 27. januar 1915.

Verket på Nesheim var lite, og det sytte for straum til lys bare til bruka på Nesheim ei tid på kvelden fram til leggetid kring klokka ti, då vart verket stansa. Då var det tid - helst litt før - til å finna fram kvitlane og dra dei over hovudet eller tenna parafinlampen.

Det var ikkje nok vatn til døgndrift av både elektrisitetsverk og møllebruk, og møllaren passa på at det ikkje vart sløsa med vatn. Møllene ga inntekter og vart prioriterte. Haustflaumane ga vatn nok til at det var elektrisitet til drift av treskeverk, men ikkje meir

enn at bare eitt bruk kunne treska med gongen. Brukarane måtte såleis gjera avtalar om når dei skulle treska.

Den første generatoren produserte likestraum. Han vart seld kring 1920. Ny vekselsstraumgenerator kom på plass, og han fungerte fram til heile møllebruket med kraftverket brann ned den 2. februar 1944. Alle rekneskapsbøker og journalar strauk med i flammene. Då var det slutt for Nesheim bygdemølle si kring 90-årige historie. Nytt bruk vart ikkje sett opp att.

Den direkte brannårsaka vart ikkje funnen, men Tobias T. Gudmestad fortel at ein trudde at det var glør i oska som vart tømt utanfor husa som kunne vera årsaka. Det vart brukt torv til å varma opp turkene med, og så kunne det ha følgt glør med ut når det vart reinska ut oske.

Elektrisitetsverket låg i eit lite skur som låg inntil møllebruket, og generator og turbin vart ikkje så ille medfarne under brannen. Alt vart sett i stand saman med røyrgata som førte vatnet til turbinen. Røyrgata var av tre og halden saman med jernklavar. Rett nok var det skadar på røyret, men ikkje verre enn at det let seg reparera saman med alt det andre.

Heile utstyret vart så selt til Egersund. Det vart sagt at det var billegare å kjøpa dette elektrisitetsverket og installera det på eit einbølt bruk i Eigersund enn å føra fram ei linje frå det kommunale elektrisitetsverket. Sjølv hadde bruka på Nesheim allereie knytta seg til det kommunale nettet i Nærbø, og frå nå av kjøpte dei all energien sin.



Det hadde vore elektrisitet i Time i lange tider, men det var ikkje strekt noka linje til Undheim. Folket i Undheim-bygda tok saka i egne hender og bygde eige e-verk som sto ferdig i 1929. Då gjekk meieriet og over til elektrisk drift, sjølv om meieriet hadde hatt ein liten dynamo til lys ein del år allereie. Huset i framgrunnen var e-verket der generatoren sto. Då verket vart nedlagt i 1967, vart bygningen brukt til lakseklekkeri ei tid. Foto utlånt frå Jæren jakt- og fiskelag.

Flaumverket på Undheim

Ola R. Undheim var medeigar i kraftverket Undheim Elektrisitetsverk på Undheim. Verket låg på Raunåkeren, d.v.s. på austsida av elva. Undheim var lutter velvilje då han vart spurd om han var villig til å dela sine kunnskapar og erfaringar om verket. Han sette i

gang og ringde til naboane og tidlegare medeigarar i verket for å finna ut kor bøker som protokoll og andre bøker hadde teke vegen, og han omtalte i samtale med dei verket som Flaumverket. Og det var vel flaumvatn som til sjuande og sist vart banen til heile tiltaket, men verket fekk ei godt trettiårig levetid. Men protokollen

vart ikkje funnen. Det må ha vore ein styreprotokoll der saker og vedtak i styret vart førde. Telefonaksjonen var ikkje til hjelp. Hovedbok, Kassabok og ei Straumleige bok var deponert i Interkommunalt Arkiv i Stavanger saman med ein del korrespondanse frå dei aller siste leveåra - krampetrekningane - til Verket.

Ola R. Undheim vart fødd på garden Slettene 10. september i 1924. Han var i mange år med i styret for Verket både som medlem og formann. Han var yngst i det kollegiet. Ingen av dei andre som var med, lever lenger, av den grunn var det overlag viktig å få tak i protokollen for styret for Verket. Dei var tre styremedlemmer til eikvar tid. Men kva årstal verket vart innstilt, var det ikkje råd å finna fram til etter minnet, sjølv etter fleire telefonoppringingar til ulike personar i bygda.

Dagen då første straumen vart levert frå Undheim Elektrisitetsverk kan ikkje Hovedboka, Kassaboka eller andre tilgjengelege papir fortelja. Time E-verk, hadde ikkje fått opp linjer til Undheim, så dette var ei storhending i bygda at eit lokalt tiltak hadde lukkast. Då Maria Undheim, f. Søyland i Gjesdal, og Nils A. Undheim gifta seg, og det var 19. oktober den hausten, lyste det i glasa på Årestad.

Men før ein kom så langt som til å setja vatn på turbinen og få sjev på generatoren, måtte det mellom anna byggjast dam, inntakskanal, hus for maskinar og setjast opp linjer. Det føreligg ikkje noko separat byggjerekneskap, men i Hovedboka går det fram at dei samla utgiftene for å få verket i gang, må ha vore i overkant av 40 000 kroner. Det var ikkje lite pengar. I 1942 var forsikringssummen 8000 kroner, medan han

er auka til 20.000 kroner i 1945.

Etter minnet kom det fram at verket hadde ein kapasitet på 70 kW eller kring 120 hk, og det var sytti andelar. Dei var delte slik:

H.C. Undheim	3
A.S. Undheim	5
N. Gjennestad	7
Anna Ørbeck	4
Ole Tunem	7
Halvor P. Undheim	7
Molli Tjensvold	4
Simon Mossige	3
Nils Aarrestad	6
R. Undheim	10
Olaf Undheim	11
J. Teigland	1
G. Abeland	1

Ein del ga ei røyst, tre og fire delar to, sju fekk fire røyster og ti og elleve fem kvar, i alt trettini røyster. Kvar del kosta 500 kroner.

I det første styret var R. Undheim, N. Gjennestad og Olaf O. Undheim. Anna Ørbeck Undheim var forretningsfører og Arne S. Undheim var revisor.

Det var rimeleg at det gamle Meieriet på Undheim som gjekk over til elektrisitet i 1929, var ein av dei største medeigarane i lag med andre eleveeigarar på Store Undheim, men som Hovedboka syner, glimra Meieriet med sitt fråvær som eigar. Meieriet var den største abonnenten med 16 kW. I 1939 står Meieriet oppført som medeigar.

I oversynet over medeigarar i verket 14. februar

1966 har Meieriet kjøpt seg inn med tre delar. Elles var nå eigartalet krympa frå tretten 2. januar i 1929 til ni i 1966.

Det synt seg at N. Gjennestad var meieristyrar for Undheim meieri. Om Gjennestad åtte delane i verket som privatperson eller om namnet hans bare vart nytta for personen som skreiv for meieriet, skal ikkje seiast.

Meieriet på Undheim gjekk til innkjøp av ein vassdriven dynamo allereie i 1923 for å skaffa seg arbeidslys, og det vart litt straum til overs for ei lypspære eller to for dei næraste naboane. Verket som kom i drift i 1929, var eit likestraumsverk. Det vart aldri installert vekselstraumsgenerator på Undheim. Då Undheim vart knytt til Time elektrisitetsverk i 1939, vart det lagt opp til dobbelt opplegg i husa som kjøpte straum frå det private verket.

Då Ola og Bjørg overtok garden, hadde dei to opplegg for elektrisitet i husa, eitt for eige verk og eit anna for det kommunale verket.

Vasstilgang

Det var bygt stem i elva for å samla opp vatn i ein inntaksdam for drift av turbinen. Ikkje alle årstider, vintrar eller somrar var like nedbørrike. Det kunne vera så som så med vasstilgangen.

Namnet Flaumverket har ei enkel og grei forklaring. Det kjem toleg godt fram ovanom. Undheimsåa har ikkje så stort nedbørfelt, og av den grunn steig elva fort ved nedbør og gjekk raskt attende når det var opphaldsvêr. Rett nok sipla og rann det vatn i elva same kor turr sommaren var, men det måtte gå ei stund før

det vart vatn nok til å driva turbinen over tid. Det kunne henda at folk sat i godt lag på kveldstid, og så vart det mørkt. Det var ikkje meir vatn til drifta.

Ved inntaket til turbinen var det ei rist som skulle samla opp greiner, gras og anna graps - og issørpa vinterstid. Rista kunne verta ganske tilstappa - særleg om vinteren med issørpa vart verket kjøvd, som det heitte. Når rista vart for tilstappa, og det ikkje vart vatn til å halda fart på turbinen og generatoren, så byrja lyset å blafra. Då var det bare å ta seg ut for å gjera arbeidet same koss vêret og føret var.

Det går mot slutten

Det hadde gått føre seg ei forvitring av straumabonnentar til verket. Time Everk skreiv i brev til Elektrisitetsilsynet 26. oktober 1960 at det hadde overteke leveransen av straum til to abonnentar på Undheim. I same skrivet vert det uttrykt at "Vi har ventet i årevis på at Undheim everk skulle bli nedlagt." Det kom fram i brevet at Time Everk tok delansvar for at det vesle verket på Undheim hadde vore liv laga så lenge. Det var mange gonger så lite vatn til Undheim everk at abonnentane måtte få reservestraum frå Time Everk. Det ligg i korta at ved nekt av reservestraum ville leve-tida til verket på Undheim vore monaleg kortare.

15. oktober 1965 var representant frå Elektrisitetsilsynet på synfaring av anlegget til Undheim Elektrisitetsverk. Det vart sett fram fleire krav om utbetringar etter inspeksjonen. Det var tungvint for folk å ha to ulike opplegg for straum i husa sine, eitt for likestraum som vart levert av det lokale verket og så

vekselstraum frå Time Everk. Fleire og fleire hadde nok gått over til Time Everk som einaste leverandør. Interesse var dalande. Verket kom til å vera ute av drift i to månader på nyåret 1966. Det kom same våren brev med purring frå Elektrisitetsilsynet som etterlyste krava om utbetringar. Det står i brevet: "- . Det må derfor sendes inn snarest mulig rettelse eller melding om at anlegget er satt ut av drift for godt."

Styret for Undheimsverket hadde håp om at Time Everk ville overta maskinar og linjer, men svaret frå Time Everk sitt styre datert 28.03 1966 var nedslåande i så måte: "Tilbodet frå Undheim everk har ingen interesse," var den klåre budskapet derifrå.

Etterekstraordinært årsmøte 31. mai 1966 skriv fem av medegarane i verket at dei fråskreiv seg eitkvart økonomisk ansvar for reparasjonar av det gamle verket. Det var siste og avgjerande støyten for den endelege nedlegginga av Undheim Elektricitetsverk. Nå sto det att å realisera det som kunne realiserast.

Generator og turbin vart til slutt selt til ein skrap-handlar i Stavanger, fortel Ola R. Undheim. I papira som finst, er det eit brev frå O.A Wågenes for oppgjer for koparavfall med 2887,50 kroner. Sluttoppgjeret til deleigarane ligg føre på små papirlappar frå 8. til 21. oktober 1969. Sjølv om straumproduksjonen slutta kring nyårsskiftet 1965-1966, så vart ikkje Verket historie før kring tre år seinare. Time Everk fekk formelt siste abonnenten saman med linja frå 1. januar 1967.

Kanalen frå inntaksdammen til turbinen var ikkje heiltufarleg. Torstein Tunheim fortel at hans som gutunge - rett før siste krig - bada der og heldt på å missa livet.

Han vart teken av straumen og ført mot inntaket. Nett då låg det ein del soldatar på nøytralitetsvakt i enga på Raunåkeren. Ein av soldatane såg kva som var i ferd med å skje og fekk kasta seg i vatnet og berga gutungen. Torstein Tunheim meinte at soldaten skulle hatt på-skjønning for berginga.

Fleire små elektrisitetsverk

Det vart i 1933 lufta tankar om å byggja eit verk på 80 hk som skulle nytta vatnet i Fårebekken. Kalkylen og tilbod for verket var utarbeidde til ein sum på 32 000 kroner. Kva grunnen var til at det ikkje vart bygt, står det ikkje noko om i papira.

Garpestadverket kom i gang 1. april i 1915, faktisk nokre dagar før verket på Fotland. Garpestadverket vart rekna for å vera eit rimeleg godt verk. Garpestadverket og Høylandsverket starta omlag på same tid.

Liv Braut Vigre, Høyland, kom til Høyland som jentunge i 1940. Familien kjøpte gard på Høyland. På spørsmål om elektrisitetsverket på Høyland forklarte ho at det hadde vore eit lite verk på garden deira, men at det ikkje hadde fungert i hennar tid. Det ho visste var kor verket hadde vore. Det var nå ein steintipp der. Det hadde vore to gardskvernar på garden. Den eine kverna vart lagt ned for å gje plass til elektrisitetsverket. Braut Vigre meinte at vatnet som var stemt opp, vart brukt to gonger - ein gong til verket og deretter til kverna. Det er restar etter murane til kverna. Murane ville dei gjerne hegna om som eit fint minne om korleis det vart drive på garden før i tida, fortalde ho. Tomta til kverna låg slik til at ho ikkje var i vegen for drifta nå.



*Kraftstasjonen på Fotland sto ferdig i 1915 og gjorde teneste til sommaren 1972. I dag er det museum.
Foto: Peder Netland. * Fotosamlinga i Time Folkebibliotek.*

Verket på Høyland vart ikkje nokon suksess. Soga fortel at det var i drift ei kort tid. Det skulle ha lege for nært med åa, vart det hevda. Braut Vigre hadde fått fortalt at det vart for mykje graps som kjøvde inntaket for vatnet. Det er rimeleg at bae grunnane er haldbare.

Time elektrisitetsverk

Det første elektrisitetsverket i Noreg starta opp i 1885. Det var nok folk i Time som var merksame på det nye

i tida. Det skulle likevel gå tretti år før det vart produsert straum på Fotland i Time.

Den store industrireisinga var komen i gang i landet. Straks over hundreårsskiftet 1900 vart dei store anlegga på Rjukan sette i gang. Det vart eit jag etter å skaffa seg rettar til vatn, elvar og fossefall. Vatn var ei billeg kraft. Straum kunne nyttast både til lys, varme og drift av motorar. Tidlegare var vatn nytta direkte på vasshjul som dreiv maskinar av ulike slag. I ei kort tid

hadde dampmaskinen vore kjent som ei dugande kraft, men hos oss var det ikkje kol. Ved og torv, som vi hadde, dugde ikkje i lengda.

O.G. Kverneland kunne tenkt seg straum til smiene sine på Kverneland. Han såg seg ikring, og nærmaste elva med noko vassføring var Hå-elva. Han sette i gang med nivellering av elva allereie i 1906 utan å ha rettar til vatnet. Underhaug på Nærbø hadde og vore og sett på sjansane til å få til eit elektrisitetsverk.

Det vart arbeidd med å få til eit kommunalt Time elektrisitetsverk. Ein komité som skulle arbeida fram elektrisitetsverket, fekk vassrettane på hand, men det vart ikkje noko kjøp. Heradsstyret som i siste instans skulle gå inn og stå som byggherre og eigar, ville ikkje binda seg økonomisk før det låg føre eit gjennomarbeidd kostnadsoverslag. Først i 1912 vart Fotlandsfossen og vassrettane omkring kjøpte. Første kostnadsoverslaget synte at drifta ville gå med årlege underskot. Så vart det gjort eit nytt kostnadsoverslag, som ga von om ei ansvarleg drift av anlegget. Det skulle gå ei tid før ein kom i gang med arbeidet. Det måtte nivellerast og stikkast ut for kanalanlegg og demning. Første arbeidsakkorden starta 25. mars 1914. Godt eitt år seinare - den 22. mai 1915 - vart det stor lysfest på Bryne. Då var damanlegget for inntaksdam på Fotland ferdig, og innlegg for å ta imot straumen i husa på Bryne unnagjort.

Hå-elva var og er ei flaumvasselv, d.v.s. elva esar opp og bryskar og brusar ved nedbør, men vert det opphaldsvêr nokre dagar, så krympar ho raskt. Eit kraftverk er avhengig av stabil vasstilgang. Det skulle

inntaksdammen på Fotland syta for. Han skulle røma vatn for åtte timars drift av turbin og generator.

Det vart i tillegg bygt ein dam for regulering av Åsvatnet og Storamose. Her var det eit problem: Det tok mellom seks og åtte dagar frå vatnet vart sleppt ut frå Storamose til det nådde inntaksdammen på Fotland. Med dei vêrtilhøva som råder på Jæren, og med den værmeldingstenesta som rådde, kunne det godt henda at før vatnet som vart sleppt ut på Skjæret nådde Fotland, hadde det regna godt i fleire dagar. Då kunne det henda at verdfullt vatn bare rann utanom røyrgata utan å verta brukt til straum.

Verket kunne yta 500 hk eller omlag 2 millionar kW årleg. Det vart tidleg klart at verket snart vart for lite. Folk ville ha straum. Straum måtte kjøpast frå andre kommunar. Verket på Fotland har nok vore eit viktig supplement. Eit oversyn over Fotland kraftstasjon sin dekkingsgrad av det totale straumforbruket i Time:

1915 - 100%

1925 - 79.5%

1935 - 66.5%

1945 - 34.5 %

1955 - 14.0 %

1971 - 2.5%

(Etter A. Løvik)

Så kom dei store utbyggingane av Lyse, Sirdal og Suldal som skulle gje oss straum i mengder til alle slags oppgåver. Verket på Fotland var slite, og det vart kalkulert og vurdert om ein skulle restaurere det for vidare drift. Verket var rett ofte ute av drift p.g.a. vassmangel, ettersyn og som det går fram av oversynet



*Største regulerede vassmagasinet for kraftstasjonen på Fotland, var Storamose. Her ser vi utløpet til vatnet. Foto: J. Jørstad. * Fotosamlinga i Time Folkebibliotek.*



*Det måtte setjast opp transformator kioskar. Det vart litt ulike byggjestilar, ei kort tid vart dei bygde i tre, men seinare i betong. Foto: P. Netland. * Fotosamlinga i Time Folkebibliotek.*

over produksjonen, vart han mindre og mindre av det totale forbruket. Spørsmålet om det var forsvarleg å driva verket vidare, dukka opp. Styret gjekk i møte 29. juni 1972 inn for at verket skulle leggjast ned, men det var kommunestyret som hadde siste ordet i den saka. Før saka vart fremja for kommunestyret, havarete turbinen 21. juli 1972. I november vart det fatta formelt vedtak i kommunestyret om nedlegging av eit verk som hadde vore i drift i 57 år. Turbinane på Fotland stilna, og laks, aure, ål og alt anna levande i Hå-elva får nå vatnet aleine.

Kanalen frå inntaksdammen er fylt i, og landet som vart turrlagt, er dyrka opp. Det skulle aldri vore gjort, var synspunktet til ein av brukarane på Fotland. Kraftstasjonen og grøyr gata ersynlege minne om driftige folk som ville ei framtid for seg og etterkomarane. I dag kan unge sjå og undra seg over eit vesalt anlegg som ein gong var så stort at det skulle halda straum i lange tider, trudde dei. Dei skulle ha sett heimehusa våre med lys og varme og alle slags elektriske og elektroniske hjelpemiddel, og ein tur i fjøset og løa ville fått dei til å undra seg storleg, og så fabrikkane då med

alt sitt avanserte elektroniske utstyr.

Tenk å ha lys langs vegane, kan det vera meining i slikt?

KONTROLL AV NATUREN

Det har vel alltid vore i mennesket sin natur å vilja forstå og ha makt over og å tvinga naturen. Våre forfedrar tilba åndene som dei trudde kunne råda med naturkreftene anten det var sol, god bør og godt fiske eller god jakt, nedbør og god avling. Når trua på tre og stein skranta, og offer av hest og sau ikkje nytta, låg det til rette for å ta skeia i eiga hand. Kva om ein tillet seg å temja dyr og å leggja ut steinar til å leia fisk i feller og ål inn i kjer, eller regulera vass-standen slik at fisk kunne gå opp i å og vatn?

Skal tru om ikkje dei første fysiske inngrepa vart gjorde for å få tak i meir fisk, og då særleg laks, men og aure og ikkje minst ål. Men då kunnskapen kom om å driva kvernsteinar med vasskraft, vart det fart i å utnytta kreftene til vatnet - eller var det nøkken som ga frå seg makt?

Dei første store inngrepa i historisk tid var då ein først tillet seg å tørrleggja ein del vatn for å vinna land og å senka elvebotnen slik at elva ikkje breidde seg utover - særleg i flaumtider. Hå-elva, Undheimsåa, Storemyrsåa og mange av dei tilstøytande åene og bekkene - anten dei heiter Risabekken, Tverråa eller andre - har alle fått erfara menneskeleg påverknad på ulikt vis.

Det vart grave vassveiter som nivellert førte vatn frå og langs Hå-åa lange leier for å skaffa fall nok til

kvernkall og seinare vasshjul. Etter det såkalla "store hamskiftet" i norsk jordbruk midt på 1800-talet, tagna fleire og fleire av dei mange små bekkakvernane. Nå ligg tuftene - steinmurane - etter dei langsmed kvar ei å og sildrebekk i Time og Hå. Men det kom ei ny tid med andre krav og utfordringar.

På siste halvta av 1800-talet vart det demonstrert generatorar som laga elektrisitet. Det var nå ein gong slik at på Jæren hadde vi nedbør nok, og på mange vis meir enn vatn nok, men det var alle dei små bekkefara som drog avstad med vatnet og tømde det ut i Nordsjøen etter å ha sett fart på ein og annan vasskallen til drifta av kvernstein og treskeverk. Dei større elvane eller åene våre hadde så lite fall, men det vart nivellert og kalkulert for å sjå om det var rekningsssvarande å byggja ut mellom anna Hå-elva som var nær for både Time og Nærbø - nå Hå Kommune.

Vatnet var ypparleg til å driva generatorane med. Det står om dei ulike elektrisitetsverka annan stad i denne arikkelen. I samband med utbygginga av det største verket - Fotland elektrisitetsverk - knytta til Hå-elva, vart det gjort omfattande reguleringar.

Det galdt først og fremst demninga for inntaksdammen på Fotland, og reguleringsdammen nedanfor kraftverket. For verkeleg å temja vatnet, vart det bygt ei stor demning ved Storamose, slik at vatnet kunne stiga med 2,5 meter. I dag er demninga eit tagalt vitne om ei fullført oppgåve.

Vatnet i Storamose vart først sleppt ut i Litlamose før det krøkte seg veg i Storemyråa nedetter liene mot Undheim før det fall utfor Fossen mellom Freistad-



Håelva kan skapa seg på mange vis. Her fløymer vatn og is langt utover på grunn av isgang i elva. Vi ser mot bruka på Litla Undheim. Foto utlånt av Arne N. Undheim.



Biletet er teke av isgang under siste krigen med to tyskarar på veg over hengebrua mellom Hå og Njærheim. Tysk fotograf. Foto utlånt av Tor Salte.

bakken og Fossfjellet midt mot Kvernaberget og blanda seg med vatnet frå Longavatnet og Tjålandsvatnet i Undheimsåa. Ein dag gjorde nokre karar kort prosess med Storemyrsåa. Ho gjorde for store svingar på seg. Karane skulle leggja ny veg langs åa frå Bergene til Undheim, men skulle vegen verta rett og lett å køyra, måtte det byggjast to bruer. Bruer kosta pengar. Kva var vel då lettare enn å setja ein stor "Brøyt" på oppgåva og leggja om å-løpet? Som tenkt, så gjort. Det gamle å-løpet ligg der uttørka for det meste - bare med ein podle i av og til. Kva kan stå seg mot menneskeleg kløkt? Nå renn Storemyrsåa ryddig og rett som om ho aldri skulle ha gjort noko anna.

Nede på Slette - ein kilometers veg ovanom Undheim er restane etter demninga til Undheim Elektrisitetsverk, og på austsida er det merke i bakken etter kanalen fram til inntaket for røyrgata til turbinen. Lenger nede på same sida er det restar etter ein ny kanal. Det var vassveita som førde til det gamle meieriet på Undheim, som låg omlag der Johs. Egeland har garasjane sine. Det vatnet vart brukt til kjøling av melk og drift av maskinane før meieriet gjekk over til elektrisk drift i 1929.

Desse inngrepa i naturen er lett synlege, nokre er ikkje særleg vakre, men dei fekk ikkje nemnande innverknad på livet i elva.

Den store uttappinga

Undheimsåa renn i dag ut i Taksdalsvatnet. Det har ho ikkje alltid gjort. Der det i dag er ei lita gangbru - Planken - som bind gardane Litla Undheim med

Taksdal, slo vatnet frå Taksdalsvatnet seg saman med Undheimsåa og rann rett vestetter mot Årestad før ho snudde nordvestetter mot Lende og Hadland. Det har mange fått med seg. Det vart grave nytt elveløp slik at Taksdalsvatnet kunne senkast og nytt land vinnast.

Det var velkjent at Taksdalsvatnet, som det heiter i dag, var svært grunt på vestsida, og når vatnet minka i turketider, kom det turt land fram. Mange hadde sett at det var god botn som lett kunne dyrkast ved senking av vatnet. Vatnet stod omlag ein og ein halv meter eller høgare den gongen enn det gjer nå om dagen. Det betydde at vatnet gjekk langt innover land der det i dag er voksterleg eng og beite. I flaumtider kunne ein ro med båt - heilt innåt Månheim - d.v.s. ro seg fram til siste husa som ligg inntil vegen på Årestad i dumpa før Taksdal.

Taksdalsvatnet var som eit knutepunkt - og er det framleis - for fleire småelvar og bekker: Sælndsåa som kjem frå Sjelsetvatnet, Uråa frå Engjavatnet, Fåretjørbekken frå Fårevatnet, men største vasstilførsla kjem frå Undheimsåa med opphav i Longavatnet, Tjålandsvatnet og dei mange mindre vatna innover mot Gjesdal, og så vatn frå Storamose og Litlamose.

Oppsitjarane på Litla Undheim, Taksdal, Sæland og Årestad såg at mykje land kunne vinnast ved senking av vatnet. Brukarane hadde sett på at det var eit langt strekk frå Taksdal og vestetter der elva hadde særst lite fall. Dersom elva skulle senkast her, måtte det gravast djupt over lange strekkjer.

Der elva renn nå - nord om Taksdal - var det før eit bekkefar når det var flaum i vatnet. Her kunne ein gjera



Det er fint å slå seg ned ved utløpet til Taksdalsvatnet. Utløpet var nytt då vatnet vart senka med ein og ein halv meter i 1882. Før den tid hadde vatnet utløp sør om Taksdalsgarden og rann vestetter mot Årestad og Lende. Foto: Søren Sviland.

elvefaret mykje djupare med enkle inngrep, og det ville ikkje vera urimeleg langt å grava for å skaffa elva eit nytt far, og så var det godt fall vestetter. Altså: eit nytt elvefar måtte leggjast nordføre Taksdalsgarden. Det ville kosta meir pengar enn oppsitjarane kunne leggja på bordet.

Den 13. august 1877 sette oppsitjarane til vatnet seg saman og drøfta korleis dei skulle løysa problemet med senking og manglande pengar. Dei vart einige om å pantsetja bruka og søkja om lån. Det vart søkt kommunen og det statlege "Myrers uttapping og Op-

dyrknings Fond". Og pengar vart løyva. Utgravinga av nytt løp vart sett i gang, og nytt løp var ferdig i 1882. Det vart ikkje heilt utan dramattikk. Som før nemnt, så hadde det før vore ein bekk i flaumtider der som nå elva leikar seg. Til bekken låg det ei gammal kvern og ei stampe.

Det var slik at medan folk dreiv og grov, kom tanken om at når det bare var ein liten rygg med grus og jord som sto att, kunne vatnet brøyta seg veg og ta med seg både folk og fe på si ville ferd. Det var ikkje heilt utan grunn uroa greip karane. Vatnet sipla og rann allereie,

og det laga seg veg nedetter bekkafaret. Kvar og ein såg for seg det verste, men det gjekk betre enn frykta. Ingen menneske omkom, men då vatnet braut seg veg tok det med seg kverna og stampa. Grus og stein for med bulder og brak nedover og la seg utover slåtteteigar og beite. Eit nytt elfefar vart fødd, og ein kvar fødsel skjer visst med veer. Undheimsåa måtte frå nå av innom Taksdalsvatnet, men det hadde ho måtta før.

Det gamle elfefaret over Årestad-Taksdal er knapt synleg lenger. Det var lenge fleire store hølar etter gamleelva. Første uttørkinga av å-faret vart gjort i 1937. Den siste senkinga av faret var i 1964. Det var "Aurahølen" som vart turrlagd då. Det vart lagt ned sementrøyr med kring ein meter i diameter for å ta unna vatnet. Det er framleis blautt i marka ved nedbør. Det står framleis vatn der det var hølar i marka hos Tom Taksdal. Der det gamle elveleiet var, er det nå jordbruksjord alt saman. Senkinga av vatnet førte til at det vart vunne inn store område med god jord rundt vatnet, mest på vest- og sørsida. Det er ikkje vanskeleg å sjå kor den gamle strandlinja gjekk, det er stort sett der gangstien går rundt vatnet.

"Den gamla ånå"

"Den gamla ånå" er eit omgrep på garden Litla Undheim. Kva var "Den gamla ånå"? Det er synleg for alle at Undheimsåa har hatt eit heilt anna løp ein gong for lenge - lenge sidan. Åa vende til høgare på Olav N. Undheim sin eigedom, heldt fram over markene til Nils. B. Undheim og litt innom Dagfinn Mellomstrand før ho rann rett uti Taksdalsvatnet, men det var altså på ein

heilt annan stad enn ho renn ut i dag. Det er ikkje vanskeleg å sjå sjølv i dag der det var hølar i "Den gamla ånå". Dagfinn Mellomstrand fortel at då dei bygde ny driftsbygning, vart ein del masse køyrd i hølane for å jamna ut terrenget. Olav N. Undheim sa at det hadde vore to hølar på hans eigedom, Litle hølen og Store hølen.

Kva som var grunnen til at elva tok eit nytt løp ein gong før 1883, kan vi i dag berre gissa oss til. Då det var gode torvmyrar i området, var det vel ynskjeleg å turka ut myra, og kva var vel meir naturleg enn at interesserte hjelpte elva til med eit nytt far lenger vest? Det er i alle fall myrhol - hølar - i marka på Litla Undheim som indikerer at ikkje alt har vore slik det er i dag. Ein annan tanke kan vera at etter ein skikkeleg frostvinter vart det godt med is i elva. Kom mildvêret brått med mykje regn, og isen losna i store flak, er det ikkje utenkjeleg at det kunne verta isdemningar som fekk åa til å ta eit nytt løp.

Oppretting av elfefaret

Eit område ved åa på Lende heiter Nesjane. I det området - mellom Hadland, Taksdal og Lende - har det vore eit vatn. Då elfefaret vart reinska, senka og retta tidleg på 1800-talet, vart vatnet uttappa.

Det var den første senkinga av Hå-elva i området. Den neste senkinga i Time kom under 1. verdskrigen. Fridtjof Hogstad fekk anbudet og sette i gang med hjelp av gode medarbeidarar med å reinska i området frå Garpestad opp mot Hadland og Lende. Hogstad hadde krefter og mot. Det var ikkje dei hjelpemidla då som

nå. Det vart mykje handmakt og noka hjelp av kranar for å ta bort stor stein. Det ligg framleis haugar med stein langs åa frå den oppreinskinga.

Hogstad hadde kjennskap til at då Skas-Heigrevatnet vart senka, grov dei opp eit rimeleg far for vatnet og så sleppte dei oppdemt vatn på seinare for å reinska opp. I Hå-elva var det ikkje så lett, sjølv om det var ynskjeleg.

Steinane vart bora med minebor og feisel. Mineborane måtte kvessast. Ei smie med smed og esse flytta med på elvekanten etter kvart som arbeidet skreid framover. Ein dag tok smia fyr, og det vart gjort anskrik. Ei god bømte med vatn vart boren fram og pøst på flammane. Då var det ein kar som uttalte:

- Det er utruleg kva ei bømte vatn kan gjera berre vatnet vert brukt på rette måten.

Det var under dette senkingsarbeidet at Hogstad kom i klemme og reiv av seg eine fingeren. Arbeidarane hans såg føre seg ein føremiddag med litt rolegare tempo i arbeidet. Dei rekna med at Hogstad ville dra til dokter og fiksa litt på skaden, men han meinte sjølv at det ikkje var verd å bryta av midt på dagen, og han heldt ut til kvelds.

I dei tider var det hest som dugde til framkomstmiddel. Det tok si tid for Hogstad å koma til Bryne for hjelp. Og då han hadde gløymt att fingeren oppe på Lende, gjekk det for lang tid til å henta han. Mannen vart ein finger kortare, men det hindra han ikkje å halda fram som arbeidsmann resten av livet til bort imot dei 90.

Steinar Hadland meiner at noko land vart vunne ved denne reinskinga frå Austhølen opp mot Lende i tida

1914 - 1918. Veitene som vart grovne for å tørka ut myra, meinte Hadland var delvis øydelagde av mink dei seinaste åra. Myra på Nesjane vart kalla "dinsemyr". Det var og tankar om ei ny senking av elvebotnen, men det vart med planlegginga og ein kalkyle på kring 75 000 kroner, minnest Steinar Hadland.

Oppreinsking på Torland

Elva fører med seg store mengder sand, grus og stein i flaumane. Det hadde lagt seg store mengder masse på Torland. Det vart ein flaskehals nettopp der, og meir enn nok til at elva ved litt ekstra nedbør fløynde utover åker og eng. Ein av oppsitjarane hadde sett kva som skjedde og sette seg i gravemaskinen for å reinska opp. Styresmakta møtte opp og ville stansa arbeidet.

Oppsitjaren hadde sikra seg og sjekka at han hadde alt sitt på det tørre og lovleg grunn til å grava i elva og driva nettopp dette arbeidet. Lang tid før hadde elveeigarane fått tinglese at denne form for skjøtsel av elva skulle dei ha lov til å driva.

Forskrifter frå Landbruksdepartementet frå 1906 med vising til Vassdragslova § 26 er slik at dei som har fått statleg støtte for å utføra eit arbeid pliktar å halda ved lag arbeidet som er utført. Det heiter i skjønnsrett av 12. januar 1946 at oppsitjarane pliktar å vedlikehalda åa, slik at "Denne erklæring blir at tinglyse som heftelse på mine eiendommer." Og så kjem underskriftene til dei 16 oppsitjarane langs åa. Den eldste av dei var Gabriel Nærland f. 8. mai 1873. I punkt 5 frå Forskriftene heiter det at dersom eigar eller framtidige eigarar ikkje fylgjer opp vedlikehaldet, kan stats-

bidraget krevast betalt attende.

Til dette er å seia at elveeigarar og oppsitjarar - grunneigarar generelt av jordbrukseigedommar - har drive skjøtsel av jord og vatn vunne gjennom erfaringar i generasjonar. Sjølvstakt kan bønder koma i skade for å gjera feil i vanvare og av manglande kunnskapar, som til dømes ved overgjødsling ei tid og utslepp av silosaft i store mengder ei anna. Då ein såg kva skader det førte med seg, tok ein konsekvensane av det og sette inn store ressursar på at slikt ikkje skal henda. Lat det vera sagt: Det finst brostne kar i alle lag av folket - òg bønder høyrer med.

Bekker og elvefar har vore sterkt forureina før, og naturen har ordna opp, men det skal ikkje vera det normale med ureining.

Teoretikarane på kontor kan skaffa seg boklege kunnskapar og få makt gjennom reglar, fullmakter og lovar, men den praktiske kunnskapen vunne gjennom generasjonar og overlevert frå den eine generasjon til den neste, kan ikkje universitet og høgskular gje studentane som vert konsulentar og saksutgreiarar på kontor.

Konsekvens: Det kan tenkjast at somme gardbrukarar tenkjer meir enn dei vil seia: "Me høyre ka di seie, men me gjere så me vil. Dette kan me meir om og bere enn dei der inne i by'n."

Senking av nedre elveløpet

Den første kjende senkinga av nedre delen vart gjort i 1901 og 1902. Det står skrive: Senking av Hå-elva ved Nesheim og Søyland i Nærbo. Det vart løyva 5000



Håelva esar fort opp ved nedbør og går raskt attende ved opphaldsvær. For å minka på skadane ved flaum, har elva vorten retta på og botnen senka fleire gonger mange stader. Gustav Mæland er her i ferd med senkingsarbeid i Annabakkstraumen på Søyland for Brødrene Risa – Risakarane – rett etter krigen. Foto utlånt av Risa AS.

kroner til arbeidet. Det stadfestar papir i Statsarkivet. Det har elles vore fleire reguleringar i Nærbo der det har vore løyvt pengar frå det offentlege med småsummar etter våre mål i dag frå 430 kroner til godt 2000 i åra 1930 til 1948. Det verkeleg store arbeidet som kravde dei store summene, var senkinga som starta i 1939 og heldt fram i nesten ti år med ein slutført rekneskap på 146 206,59 kroner, noko vart det søkt om middel til, og resten vart likna ut på oppsitjarane. Det vart gjort omfattande arbeid med elva før, under og etter siste verdskrigen. I 1946 vart det sett i gang arbeid med å rydda i elvebotnen frå Klekkeriet på Nesheim og nedover til Hå-garden.

Gustav Mæland fortel at han brukte ein svær

anleggsmaskin som tyskarane hadde sett att. Det var ein doning som vart rekna til å vera ein stad mellom 30 og 40 tonn, med ein gravebom på 15 meter, og grabben, som vart styrt med vaier, tok gladeleg ein kubikkmeter masse i jafset. Litt av eit uhyre å arbeida med. Gustav Mæland hadde vore krigsfange under tyskarane i Nord-Noreg. Tyskarane hadde lært han å køyra desse anleggsmaskinane under bygginga av flyplassar der nord. Risa-karane var ikkje seine om å hyra Gustav Mæland. Det tok ei veke å flytta maskinen langs vegane frå Sola til Nærbø. Det var ikkje køyrety som kunne frakta uhyret. Det krabba i veg langs grusvegane utover Jæren. Det hadde aldri gått på våre asfalterte vegar og med rådande trafikk.

Anleggsmaskinen var utstyrt med ein dieselmotor utan vanleg startmotor. For å starta motoren vart det brukt trykkluft. Det var ikkje jærbuen van med, men då låg lukka i at det var ein sjømann som hadde lært seg teknikken frå oppstart av skipsdieselmotorar.

Georg Risa - ein av brørne - fortel at det var det dei kalla banda i elvefaret. Banda var ryggar som låg i elvefaret og hindra fri straum av vatnet. Når det vart litt nedbør, este åa opp og fløynde utover åker og eng - særleg på Bjorland og Torland og elles andre utsette stader. Det synt seg at desse banda var av særleg fast sand og grus, og under var det hard blåleire. Det var frå først av tenkt at ein skulle stemma av åa og løysa i desse grusryggene, for så å sleppa vatnet etter slik at all løyst masse skulle spylast til sjøs, men det gjekk altså ikkje. Det var derfor denne mastodonten av ein anleggsmaskin vart sett i arbeid. Først vart det sett i

gang arbeid med graving frå Annarbakkstraumen opp til Klekkeriet, før reinskinga heldt fram nedover nedanfor brua.

Der som det nå går ei bru over åa til Alvaneset, var det før ei hengebru. Hengebrua kvilte på ein stor stein - "Møllesteinen" - midt ute i åa. På nedsida av steinen - i le for vasstraumen - sto det ofte laks og kvilte før han la i veg oppover motstraums. Den store steinen vart fjerna då kloakkbrua vart lagt over åa.

Det var større steinar og blokker som måtte fjernast. Til å sprenga desse steinane hadde Risa-karane sikra seg sprengstoff etter tyskarane. Sprengstoffet, som var miner, hadde dei lagra i ein bunker nede på Hå. Det gjekk med fleire kassar. Det var eit problem for oppsittjarane at det vart brukt miner. Når minene eksploderte, fauk det jernsplintar og kassebitar utover kjelvene. Enga måtte reinskast før ein kunne sleppa slåmaskinen på graset.

Så langt ser det ut til at det har vore denne eine store oppreinskinga av åa. Det er likevel heilt sikkert at åa har hatt eit anna løp mellom anna på Torland, men om det skuldast menneskeleg påverknad, eller om det har vore naturen sjølv som har retta ut elveløpet, kan stå som eit ope spørsmål.

Det er alltid slik at det som ein får hygge og glede av, vert til ulempe for ein annan. Slik har det vore gjennom tidene. I kjølvatnet av slikt arbeid har gode naboar klaga kvarandre inn for domstolane. Det har øydelagt elles godt naboskap, eller er ei rettssak det som kjenneteiknar godt naboskap? Det skal vera usagt kva utgangen har vore av rettssakene anten det har vore

fiske eller senkingar. Ein vil likevel alltid måtta spørja seg om prisen reint menneskeleg sett var verd ei rettssak, eller om ein heller skulle lida skade.

Eit langdrygt arbeid

Arbeidet med senkinga av nedre delen starta med eit første sonderingsmøte allereie 25. mars i 1939. Ni dagar seinare møttest oppsitjarane til nytt møte og valde ei femmannsnemnd med lærar og bonde M. Moi som formann. Denne nemnda sto ansvarleg for arbeidet ovanom brua. Nedanfor brua vart det vald ei anna nemnd med fire medlemmar.

Arbeidet med senkinga vart så smått sett i gang før krigen. Det vart lagt ut skinar til vaggar. Vaggane vart nytta til å ta i land steinane som var brukte til murane i kjera rett nedanfor riksveg 44. Men så kom krigen, og mykje vart skipla. I staden for å søkja om pengar til senkingsarbeidet, vart det fremja søknad i 1941 om ein arbeidsleir. Det står i møteboka for senkingslaget at profilar og budsjett låg føre. I svaret datert 8. mai 1942 frå Landbruksingeniøren står det skrive at det bør søkjast om kongeleg! løyve til senkinga.

Det kom pengar til arbeidet, men det vart aldri nokon arbeidsleir. I november 1944 løyver Næringsdepartementet to par med skritthøge gummistøvlar. Dei var Senkingslaget sin eigedom, og Laget var ansvarleg for støvlane. Karane som sto i elva, kunne få låna dei.

Det vart bygt ny bru. Den gamle brua hadde hatt to spenn med eit murt midtkar. I den handskrivne møteprotokollen står det at ein ville søkja verne-maktene! om løyve til å fjerna midtkaret, men svaret

på det var negativt frå tyskarane.

Arbeidet med senkinga av elva var ferdig 11. august 1948, men endeleg sluttstrek vart sett i 1951 med at senkingslaget vart oppløyst.

Katastrofflaum

Bondevennen Hans Aanestad skreiv 27. september i 1957 i nettopp "Bondevennen" om flaumen i Hå-elva den hausten. Hans Aanestad synte til at det hadde vore ein veldig flaum i 1892, men at den flaumen ikkje hadde gjort tilsvarende skade. Skadane den gongen vart ikkje så store fordi slettene oppover Torland og Bjorland ikkje var tekne i bruk 65 år før. Aanestad skreiv: "Det ein veit, er at fleire kvadratkilometer for det aller meste dyrka og riktgjevande jord vart overfløymt, at veldige mengder skore korn har reke til havs, store vidder poteter har stått under vatn så lenge, at ein med vissa kan seia, at det aller meste av avlinga er øydelagt totalt, at beitet vidare ut over hausten er øydelagt av slam og det ikkje er komande med maskinar på åkrane førebels til å berga restane av dei avlingane, som lova så rikt."

Så gale kan det gå. Det hadde vore ein kald sommar med mykje nedbør, og så kom det to døgn med samanhengande nedbør. Det gjorde utslaget. Aanestad avsluttar artikkelen med: "Beitene har fare ille i alt regnet - nei, det vart ikkje noko verkeleg godt avlingsår."

I ein artikkel seinare på hausten - 18. oktober - skreiv Aanestad: " - , men stort sett vart avlingsmengdene eit vonbrot, for ikkje å nemna øydeleggjingane i den uhuglege flaumtida då verde for hundretusener kroner



*Flaumen i Håelva i september 1957 vart kalla "Katastrofe-flaumen". Elva gjekk langt utover sine naturlege bredder i stort sett heile si lengd. Biletet er frå Fotland.
Foto. T. Prestegård.*



Det regna jamt og mykje i to døgn. Det sette sine spor. Det er lite ein kan gjera for å berga kornet på hesjene, og mykje korn kom ut på sjølvstyr. Poteter og gulerøter tok skade, og eng og beite vart øydelagt av slam. "Bondevennen" meinte det var tap på hundretusenvis. Biletet er frå Bjorland-Torland. Foto: Tor Nærland, Torland.



*Berga det som bergast kan. Jonas A. Bjorland med havre-
nek i begge nevene.
Foto: Karl Johan Bjorland
* Fotoarkivet i Hå Folkebibliotek*



*Arne Fotland på hesteryggen på veg over Fotlandsmyra.
Arne rid på vegen som ligg høgare enn terrenget omkring.
Det fortel litt om vassmengdene hausten 1957.
Foto utlånt av Borgny og Arne Fotland. * Fotosamlinga i
Time Folkebibliotek.*

gjekk tapt." Nå har nok Aanestad tenkt på fleire enn oppsitarane langs Håelva, men dei var mellom dei sterkast skadelidande.

Hå-elva tillet seg framleis å briska seg i nedbørrike tider og kan gjera stor skade.

Kjelder og litteratur:

Det har vore ei oppleving å driva på med litt sanking av historia knytta til Ånå. Eg har grua meg til kvar telefonen eg måtte ta, eg var redd eg skulle uroa folk i deira gjeremål, men kvar gong har eg vore møtt med velvilje.

Lista nedanfor viser til kjelder og litteratur til både denne artikkelen og artikkelen om "Å kryssa ei å".

Kjelder:

Dokument i Interkommunalt arkiv, Statsarkivet og hos Sorenskrivaren i Jæren.

Møteboka til Senkingslaget for Håelva (privat eige).

Undheim Elektrisitetsverk: Hovedbok, Kassabok, Straumleigebok 1953 - 1963 og diverse korrespondanse. Interkommunalt arkiv.

Informantar har vore:

Ivar Bjorland sr., f. 1911

Mons P. Bjorland, f. 1940

Johannes Egeland sr.

Trygve Egeland, f. 1933

Hanna Fotland, f. 1916

Ove Tobias Gudmestad, f. 1947

Tobias T. Gudmestad, f. 1924

Steinar Hadland, f. 1927

Ivar Haugland, f. 1926

Godtfred Lode

Dagfinn Mellomstrand, f. 1919

Gustav Mæland, f. 1915

Terje Nedrebø, f. 1937

Liv Ohma, f. 1920

Ivar Oma, f. 1944

Tarald Oma, f. 1940

Georg Risa, f. 1915

Litteratur:

Artiklar i Bondevennen og Stavanger Aftenblad bøkene til Undheim Elektrisitetsverk

Time herad 1837 - 1937

Arthur Løvik: Historia om Time Elektrisitetsverk 1915 - 1998

Helge W. Nordvik (red): Rent mel i posen 1984.

Lars Gaute Jøssang: Attåtning og gryande industriforetak i Fotland bygdemølle 1668 - 1848 - 1995. Utgjevar: Time kultur minnemnd.

Hans Torgny Indrebø: Møllar i tredje generasjon. Jærbladet 26.06.1995

Hans Torgny Indrebø: Frå bekkjakvern til mølle. Jærbladet 24.05.1995

Hans Torgny Indrebø: Møllene på Vigre og Nesheim. Jærbladet 9.01.1995

Hans Torgny Indrebø: Kvernar ved kvar sildrebekk. Jærbladet 17.08.1994

Einar K. Time, f. 1925

Torstein Tunheim, f. 1930

Ola R. Undheim, f. 1929

Arne N. Undheim, f. 1930

Paul O. Undheim

Einar Undheim, f. 1916

Olav N. Undheim, f. 1924

Tradisjon og minne frå oppvekst og liv attemed ånå

TOBIAS SKRETTING

Om fisket i gamle dagar

Når eg refererer til Peder O. Njærheim, (f. 1879), mor sin morbror som eg i 1959 overtok gardsbruket her på Njærheim etter, nemner eg han med same namnet som den stolte mora Dorte nytta: Peder Okka.

Aure og ål har vore viktige fiskeslag, særleg då i sidebekker og i dei øvre delane av vassdraget. Peder Okka fortalde at han som barn og ungdom fiska aure når flaumvatnet gjekk innover grasmarka. Då sette han små bakkar (snøre med makkakrok) på grunnane og kunne få "på stampavis" med fin aure. Sjølv har eg som barn vore med min morbror Peder Kvia og lystra aure i Kviabekken. Me gjekk ein mørk kveld med karbidlykt og stakk auren med ein fleiranga gaffel med mothakar. Me hadde eit stort knippe med fisk med oss heim. Det hende også at me fekk stor aure når me gjekk og rek. Den største eg har fått, var 4,5 kilo. Og eg høyrde også om store ruggar på over 6 kilo.

Ola J. Haugland (f. 1899) fortalde (1980) at det var vanleg oppover i Timesokna å ha ei tønne nedsalta ål til vintrammat. Ålen vart særleg nytta attåt komla. Og det er tradisjon fleire stader på Jæren at det skulle vera "ådladott" i komla, sjå til dømes i boka "Folkeminne

frå Oгнаheiå – Eit dugnadsarbeid år 2000" s. 69-70. Der skriv Audun Øyri om fleire gode matretter av ål. Men laksen har til alle tider vore den mest verdfulle fisken i åa, og truleg også det fiskeslaget som alltid har vore størst i oppfiska mengd. Laks har vore fiska frå Arilds tid med diverse reiskap og metodar. Retten til fisket har alltid følgt gardane som ei "tilliggende herlighet". Frå Hauglandsbrua og ut til sjøen har garn vore vanlegast, både som setjegarn og ved reking. Fleire stader var det også lødd opp lange mærgardar som styrde fisken inn i ein mærkasse. Både for desse og for setjegarn var det reglar for kor mykje av åa som kunne stengjast, og det var fleire rettsaker om dette, særleg mot presten på Hå som kunne vera svært huga til å grava til seg meir enn som rett var. Eg hugsar restar av slike mærgardar ved hengebrua på Hå og på Nesheim/Njærheim rett nedanom Rv 44. Ved senking av åa rett etter krigen vart desse gardane fjerna.

Som sagt har garnfiske vore det vanlegaste i nedre del av åa, både med setjegarn på stader som høvde til det, men helst ved reking. Det føregjekk i dei lange, rolege hølane frå og med "Troje" nedanom Hauglandsbrua og ned til Nærlandshølen ovanom hengebrua. Når

me rek, gjekk me ein på kvar side av åa og styrde garnet, som dreiv med straumen, med snøre. Det eine av desse, her alltid på Njærheimsida, var så langt at det nådde mest to gonger over åa slik at garnet kunne takast inn på andre sida. Dette snøret kalla me "regesnøre". Snøret på andre sida var kortare og vart kalla "feste". Snøra var av hamp, seinare nylon. Frå gammalt av var garna av lin, med hamptenel, kork til flå og små blyplater tvinna rundt aurtenele til søkkje. Om lag 1950 kom garn av nylontråd med blytened'1, snøre med blyvekter innlagt. Og samstundes begynte dei ivregaste å binda garn av sen. Då kunne ein gå og reka sjølv i dagsljøs. Me bruka helst sen nr. 35 til slike garn.

Om sommaren gjekk me helst med såkalla "småbindt" garn, om hausten heller "storbindt". Eg har eit småbindt lingarn som Peder Okka har bunde om lag 1910-20. Det er felt på enkel hamptenel i botn og bryst, dobbel flåtenel, 12,5 m breitt, 4 m djupt, 13 korkflå og 26 bly. Maskelengd 11,5 cm. Det vart nytta noko breiare garn i Breiangjen og Nærlandshølen der åa er breiare enn lengre oppe. Eg har også eit nylongarn, truleg felt av Ole "Bakk" i slutten av 50-åra. Måla er omtrent som for lingarnet. Dette garnet er felt på nylonsnøre med blytenel i botn. Det var mykje lettare å greia ut garn med blytenel. Dei gamle bly var leie til å snurla seg opp i busen. Eg har også sengarn som eg har bunde sjølv, og sengarn felte av kjøpt bus.

Eit særleg kastenotfiske føregjekk utanfor elveosen, andelslaget Haavågs Laksefiskeri. Grensa for dette fisket gjekk ved "Hedlå", grensestein mellom Vågen og sjøen. Dette fisket er ennå matrikulert med

eige gardsnummer 9 i Hå. I 1730 åtte Kongen halvparten, Jon Tollakson Skeie og Paul Grødeland den andre halvta. Men i 1906 er rettane samla på lokale hender: Jon Hansson Obrestad eig 1/4 og dei Nærland 3/4. Dette fisket vart drive fram til om lag 1950 og kunne gi stor fangst i gode kast. Nå er det ikkje i aktivt bruk.

Eit anna særskilt fiske var setjgarnfiske i Vågen. Dette var utlagt frå bruka på Nærland som hadde kvar sine dagar. Også dette fisket kunne gi god fangst, men har ikkje vore drive etter krigen.

I krigsåra 1940-45 var det stopp i alt fiske ved sjøen for skuld minelegging og andre restriksjonar frå krigsmakta. I desse åra var det heller ikkje utleige av fisket i Podlane, men det hende at grunneigarane gjekk og rek med garn, særleg då i Presthølen. Sportsfiskarane og grunneigarane i Time lika lite at me fiska med garn. Og frå 1975 har alt slikt fiske i åa vorte stoppa, truleg for godt.

Frå gammalt vart det også drive med lystring og stikking av aure og laks, særleg då i øvre delen av åa og i sidebekkene. Men dette fisket har vore ulovleg lenge og er nå heilt slutt. Og i hølen under Fotlandsfossen i Time kunne det stå mykje laks etter flaumen. Når så vatnet minka, kunne fisken takast opp med hov. Dette er sjølvsagt også eit avslutta kapittel nå.

Stongfiske – "sportsfiske"

Eg reknar med at det like frå forhistorisk tid har vore fiska med stong med snøre og egna krok. Men slik som me i dag tenkjer på stongfiske, har det nok ikkje eksistert



*Frå 1880-åra til 1914 fiska ei gruppe engelskmenn kvar sommar i den nedre delen av ånå. Oline og Torger på Nærland var vertskap for desse fiskarane frå byen Chester i 1890-åra. Foto: Douglas Dobie. * Statsarkivet i Stavanger.*

før frå siste halvta av 1800-talet. Og det fisket som me ser i dag, er på mange vis eit dekadent utslag av overflods- og forbrukarsamfunnet, i stor grad prega av snobbete motemerkevarer både når det gjeld fiskeutstyr og klede.

Dei første sportsfiskarane her utpå Jæren var nok både engelske fiskarar og såkalla "condisjonerede" byborgarar frå Stavanger som ferierte på landet om

somrane. Me kjenner til engelske sportsfiskarar som kom kvar sommar og leigde seg inn i heimen til Oline og Torger Edland på Nærland i åra 1880-1914. Dei fiska då særleg i Podlane og betalte nok både for dette og for opphald. Det meste av fisken hamna nok i saltetønnene på Nærland som vintermat til mange svoltne munnar. Peder Okka fortalde frå sine ungdomsår i arbeid hjå Torger Edland at arbeidsfolka rekna

slik salt laks for svært simpel mat.

Stavangerpresten Jonas Dahl skriv om dagstur til Hå prestegard og "Min første Punds-Lax". Han er kvikk til å koma seg til åa: "Først i Rock-pool, som Engelskmændene kalder den. – Nei – aldeles forgjæves. Saa i the Gunnar-pool. Nei – ikke Fornemmelse. Derpaa i the Stone-pool." Storfisken på 1 Bismerpund og fire Mærker – om lag 7 kg – haler han opp frå the Priest-pool til stor jubel frå to prestungar, seinare også frå heile familien med far sjølv, Karenos Theodor Holm (prest i Hå 1885-1906) i spissen.

Jonas Dahl fortel også om ei ferd "Langs Udjæren" der han, for å sleppa forbi all tarerøyken som låg innover stranda frå Revtangen og sørover, fekk båtskyss sørover med den lokale skrøneforteljaren "han Gabrel": "Saa strøg vi Fordevind langs Saltesanden, slørte ind forbi Raunen, og endelig kjørte han mig langt op i Nærlandssanden, tog mig paa Ryggen og bar mig tørskod paa Land, for jeg vilde op til Torger Nærland, som jeg havde boet hos en hel Sommerferie i Egenskab af Familiefader og Laxefisker".

I ei anna lita skisse – "Ogsaa en 17. Mai" – har Dahl ei fornøyeleg skildring av togturen ut til aurefiske i Orrevatnet, der han observerte 3 konkurentar. To gjekk av på Klep Station, men: "Den drabeligste derimod, Nimrod kaldet, gik som jeg af på Thime. Han var klædt i fuldstændig engelsk Fiskerkostume og overhængt med saa komplet et Udstyr, som nogen Sportshandlers Vindu." Å ja, me kjenner vel typen også i våre dagar! Eg kjenner ikkje til at dei engelske fiskarane kom att her etter 1. verdskrigen. Men det er tydeleg at dei både

har vore med og lært frå seg flugefiskesporten og ikkje minst har sett eit varig preg på stil, utstyr og grunnleggjande tenkjemåte i høve til slikt fiske.

I den nedre delen av åa, Podlane, er det som regel råd å få fisk gjennom heile sesongen, i motsetnad til lenger oppe der fisken må ha flaum for å gå opp. Dei gode fiskehølane nedanfor hengebrua har slik vore attraktive for sportsfiskarane. Og grunneigarane på Hå og Nærland har alltid fått god pris for fiskerettane i Podlane. Slik har fisket her vore leigd bort i alle åra også etter at engelskmennene slutta av (bortsett då frå åra 1940-45). I mange år var det byfolk som leigde fisket, me høyrde berre snakk om "Haugen og dei" (bilfirmaet Holst & Hauge). Men med velstandsauken etter krigen har dei fleste entusiastane fått råd til å hengja seg på. Og i dag er det nok ein meir blanda gjeng som fiskar i Podlane, eit av dei mest ettertrakta fiskevalda i landet.

Som sagt var det garnfisket som fanga størst interesse lokalt her i nedre delen av åa. Men dei aller fleste hadde også fiskestenger på garden. Kvar vår fekk Emelankton Aadnesen på Nærbo, seinare også Moien, heim ein bunt med lange bambusstenger. Ei slik snau bambusstong kosta ikkje så mykje. Og dei ivregaste stongfiskarane ville helst ha ny stong til sesongen ettersom bambusen hardna og vart stivare med åra. Bøylar og toppauga for snøret bøygde me til sjølv av messingtråd og festa med trådsurring eller svart tjøreband. Peder Okka fortalde at han i ungdommen ikkje nytta snelle, men berre festa snøret noko inne på stonga som sikring før festet på den spinkle tuppen.



*Jonsahuset på Nærland.
Foto: Steinar Sandvik. * Jærbladet.*

Men slik eg minnest det, hadde alle snelle, som då sjølvsagt vart flytta over på den nye stonga. Og dei fleste fiska med fluge, meir sjeldan med sluk. Makk vart berre nytta av born som fiska etter aure og ål.

Stonga var helst til fiske i helgefredinga – frå fredag klokka 18.00 til måndag klokka 18.00. Men dei ivregaste tok gjerne også ein tur om dagen når det var fin flaum og det var for ljust til å reka. Her på Njærheim minnest eg særleg "Olav te Kongvarden", Peder Ellingsen og sonen Einar som flinke og ivrege stongfiskarar. Det var også alltid kjenningar og folk frå dei næraste tettstadane som kom og spurde om å få fiska. Slik eg minnest dette, fekk alle som spurde, lov. Og eg trur ikkje at nokon trong å betala for å gå og fiska

med stong.

Peder Okka fiska ikkje mykje etter krigen. Men han hadde vore ein svært flink fiskar like frå barneåra. Erik Øgård var betjent på Opstad og budde i eige hus på Nærbo. Han hadde innreia eit kammers til frisørsalong og klipte gitar og mannfolk om kvardagskveldane. Eg sat mange gonger der i lag med andre karar som venta på børt. Og drøset gjekk. Erik var også ein ivreg fiskar. Og ein gong eg sat i stolen, fortalde han om ein fisketur i Podlane:

"Der var fisk nok, men eg hadde stande lengje og ikkje fingje en einaste fisk. Så kom an Peder Njærei gåande oppøve ifrå sjøen. "La meg få låna stongjå di", sae an. Og det va gutt så kunne fiska. Eg he aldre sitt nogen leggja fluå så fint på vatne, og akkurat der an ville ha in. Å du, det va en fornøyelse te sjå meisteren i aksjon! Og enten du trur meg helle ikkje, på en liden halvtime så hadde an landa 9 svidde. Men då fekk eg ei av an!" Eg spurde sjølvsagt Peder om dette dagen etter, og han sa at han hugsa godt den fiskeepisoden. Magnus Monsen frå Nesheim var her hjå Peder Okka som dreng etter konfirmasjonen. Faren, Tobias Monsen, var trimenning til Peder. Han kom til Peder og ba han ta an Magnus te dreng og gjera folk av an! Peder fortalde mykje om denne ungguten, som nok var litt av ein villstyring. Mellom anna fortalde han om gutungen Magnus som lika så godt å fiska i åa. Han sette ofte kroken fast i botnen og sleit av snøret. Men då han så ein gong kom heim med ei stor svidde, vart mora godt i laget. Og ho skrøyte til kven som ville høyra på, med noko jærtilpassa Fjalerdialekt: Magnus han møsta både

fluga og skjei, men no fekk han det att!

Og jau, det vart nok folk også av Magnus. Men ein hardhaus var han heile livet. Han hamna som industriarbeidar i Sauda. Og interessa for jakt og fiske varde livet ut. Eg minnest han kom her til Njærheim ein tur kvar sommar for å treffa ungdomskameratar og gå nokre dagar med stonga ved åa. Og gjennom tidene har det vore mange slike som fekk ei livslang interesse for, og gleda av naturen og friluftsliv alt i gilde barneår i leik ved åa.

Som ein liten kuriositet må nemnast den såkalla "fiskeboksen", forlauparen for slukstonga. Det var nok i 50-60-åra dette. Ein tom hermetikkboks vart utstyrt med ein trepinne på tvers til handtak i den opne enden. Så surra me på 40-50 m. med sen, festa sluken i enden, held boksen i handtaket med ei hand og svinga den andre flott med sluken til lange kast utover vatnet. Og så var det berre å vinda inn i passeleg fart og venta spent på napp. Det var nok helst i sjøen denne reiskapen vart nytta. Men særleg ungar og ungdom prøvde seg også i åa, med meir eller mindre hell. Og det gjekk ikkje

lang tid før smarte forretningsfolk overtok marknaden med lansering av den nye slukstonga.

Då eg var barn, laga eg også ein oter og stelte til med aurefluger. Eg hadde budd eit par år attmed Lodetjørna og var van med oterfiske der. Og i Lode-tjørna var det mykje fin aure då, i åra rett etter krigen. Men det var ikkje så lett å få oteren til å gå skikkeleg i åa. Og det vart ikkje så mange gongene han var i bruk. Men eg har han ennå – som eit lite minne frå gilde barneår ved åa.

Ja ja, slik hadde me det her på Njærheim. Og eg reknar med at det var nokolunde eins langs heile åa fram til 1975 då garnfisket vart stoppa. Eit hovudargument for å ta frå oss denne nedervde retten, var at fisket skulle "demokratiserast" og gjerast tilgjengeleg for alle.

Nå er det vorte likt i heile åa som det var før i Podlane med engelskmennene og "Haugen og dei". Og interessa for fisket og åa som ein levande og verdfull del av garden og heimen fell meir og meir bort.

Klekkeria

OVE TOBIAS GUDMESTAD

Jæren Jakt og Fiskelag har eit samarbeid med Hå Elveeigarlag om kultiveringsarbeidet i elva. Dette samarbeidet har utvikla seg særleg positivt etter at laga gjekk inn i ein samarbeidsavtale i 1983. Begge laga har gjensidig nytte av å skapa ei levande elv, og det er vel vanskeleg å tenkja seg at elva hadde hatt så positive fangstresultat utan dette samarbeidet.

Oversyn over klekkeridrifta.

Frå 1922 og fram til først i 1930 åra vart det dreve med klekking av lakseyngel ved kraftstasjonen på Fotland. Året 1923 vart det sloppe ut 125.000 lakseyngel på elva.

Frå 1925 kom eit klekkeri på Nesheim i Nærbø i bruk. I 1925 vart det klekt ut 200.000 yngel. Dette klekkeriet tok vatn frå eit oppspring mellom elva og Nesheim tjørna og stamfisken vart fanga med garn i elva. Klekkeriet var i drift fram til 1933.

I Håelva vart det sett ut mykje yngel frå 1925 (Mauritzen, 1953):

1925	125.000 yngel
1927	200.000 yngel
1928	150.000 yngel
1929	60.000 yngel.



Peder Ree og Sverre Skjæveland i arbeid i klekkeriet på Undheim. Frå: "Jæren Jakt og Fiskelag gjennom 40 år, Jubileumsbok 1960 – 2000."

Håelva Elveeigarlag vart stifta i 1950. Laget organiserer dei som har rett til fiske i Håelva. I 1952 stod laksetrappa i Fotlandsfossen klar, men utover i 1960-åra var det vanskelege tider for fisket med mykje forureining og sur nedbør.

I 1966 kom det i Jæren Jakt og Fiskelag (JJF) eit framlegg om å byggja eit klekkeri på Fotland. Laget oppretta eit klekkeri- utvalg i 1971 og dugnadsarbeid med å nytta det gamle kraftverket på Undheim til

klekkeri starta i juni 1974. Då hadde ein fått tilsagn om økonomisk støtte frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske i Trondheim. Klekkeriutvalget i JFF vart etter kvart omorganisert, og nå er det "Lakse- og klekkeriutvalget" i Jæren Jakt og Fiskelag som står for klekkeridrifta.

Anlegget på Undheim vart dreve frå 1974 til 1986. Den første gongen det vart stroke rogn var 12. november 1974. Men anlegget hadde fleire svakheter, mellom anna var det ikkje kjøreveg til anlegget før i 1978 slik at transport av stamfisk og yngel var tungvindt. Vatnet til anlegget kom gjennom ei 300 m vassleiing og den fraus i 1976. I 1978 vart det lagt kommunal vassleiing til klekkeriet. Anlegget var også utsett ved flaum i elva og i 1983 slapp mykje av fisken fri under ein haustflaum. I 1983 vart det avgjort å byggja nytt anlegg og i 1986 stod eit nytt bygg klart nedanfor laksetrappa ved Fotlandsfossen. I 1983 vart det også inngått ein skriftleg avtale med Håelva Elveeigarlag om drift og eigedoms-tilhøve ved det nye klekkeriet. Anlegget lei i byrjinga av mangel på vatn i turre periodar og om vinteren fraus vassstilførsla. Anlegget på Fotland var i drift til 1991 då det vart påvist furnukolose smitte i Håelva.

Det gamle klorhuset nedanfor Åsen i Time var då ledig etter at Åsenvatnet ikkje lenger vart nytta som drikkevasskjelde. Hå Elveeigarlag ordna med leige-avtale og huset vart teke i bruk hausten 1991.

Frå 1998 vart det igjen gitt løyve til bruk av anlegget på Fotland.

Stamfiske

Stamfiske går føre seg mellom 20. september og 20. oktober. Første hausten (i 1974) hadde ein løyve frå fylkesmannen til å fanga 40 stamfisk i Hå elva. Stamfisken vart fanga med garn i nedre del av elva og frakta til Undheim. Seinare har og stamfisk vorte fanga i laksetrappa på Fotland. Etter at laksen er fanga, må laksen strykast og rogn og melke må samlast opp. Fram til stryking må laksen passat nøye slik at fisken ikkje vert utsett for soppangrep. Det er også samla inn melke frå hannlaks i Hå elva til nasjonal genbank og ein reknar at denne kan oppebevarast i minst hundre år under temperatur på - 196° C.

Yngel

Rogna krev mest dagleg tilsyn og etter 520 døgngrader (grader i vatnet ganger med antal døgn) vert rogn klekt i mars/ april månad. Yngelen vert i klekkekassane til plommesekken er mest oppbrukt. Deretter vert yngelen frakta i plastsekker fyllte med vatn og oksygen og vert så sett ut i grunne partier av bekker eller i elva.

Klekkeriet på Nesheim

Det er skreve mykje om dei nyare klekkeria i heftet "Jæren Jakt og Fiskelag gjennom 40 år, Jubileumsbok 1960 – 2000". Her vil me då heller skriva litt om det gamle klekkeriet på Nesheim. Dette klekkeriet låg nord for Nesheim tjørna og vart nytta frå 1925 til 1933.

For dei som hadde mindre gardar, kunne inntekta av laksefisket på den tida koma vel med. På dei større gardane var det også mange som var interesserte og



Lakseklekkeriet på Nesheim, me ser nordaustover mot Søyland.
Foto: Emelankton Aadnesen.



Kummar for stamfisk i lakseklekkeriet på Nesheim.
Foto: Emelankton Aadnesen.

som nytta kvar anledning til å fiska i elva.

Det må ha minka med laksen i elva utover i 1920 åra og dei ivrigaste fiskarane skaut då til med pengar slik at det kunne byggjast og drivast eit lakseklekkeri. Det vart lagt til Nesheim, der Kjellbjørn O. og Gabriel O. Nærland nå har gard. Her var det eit godt oppspring mellom elva og Nesheim tjørna slik at ferskvatn kunne sikrast heile året. Emelankton Aadnesen fortalde at denne kjelda vart kalla Prestekjelda.

Ingebret Søyland på Søyland var ein dei som var ivrigast i arbeidet med å få byggja klekkeriet, og det var han som fekk ansvaret for drifta dei åra klekkeriet var i drift. Olav Njærheim fortalde at han nett var konfirmert då han var saman med Trygve T. Gudmestad på "Hauen" og bygde bygde klekkeriet i 1927. Han fekk då 35 øre timen for arbeidet. Ole Pallesen

Nærland fortalde óg at Eivind Søyland og Ingebret Søyland var ivrige med å hjelpa til med bygginga.

Biletet ovanfor viser korleis klekkeriet låg nær elva. Det var før elva vart senka, noko som vart gjennomført rett etter krigen. Biletet frå innreinga i klekkeriet gjer oss ikkje så imponerte, men klekkeriet var i topp stand etter målestokken på den tida, fortalde Ole Pallesen.

Ingebret Søyland stod for den daglege drifta av klekkeriet. Om det vart så mykje betaling for arbeidet er heller uvisst, men interessa dreiv. Dottera Inga Søyland fortalde at ho var med faren og rek etter laksen og så hjelpte ho til i klekkeriet.

Det var vel ikkje alltid så gildt å vera med å reka etter laks etter at alle dei andre var ferdige med fiskinga. Dei fanga stamlaksen i september og heldt han i kum-

mar i klekkeriet til han vart kjønnsmoden i oktober – november. Då strauk dei laksen og sette han ut.

Inga Søyland fortade at det ofte var kave å passa klekkeriet. Dei bruka båt over elv, men somme gonger var der så sterk straum at dei dreiv langt nedover og så måtte dei dra båten opp att mot straumen. Dei første åra var der og ofte flaum i klekkeriet. Og det hende at hann- og ho-laksen gjekk om kvarandre. Då måtte dei ausa og få rydda fortast mogleg. Klekkeriet vart etter få år ordna slik at vatnet rann ut att.

Rogna la dei på trapper og dei daude kvite egga måtte plukkast ut for hand. Yngelen vart fora med surmjølk og avsile av myse. Langt ut på våren slepte dei yngelen langsetter heile elva. Yngelen var då 2 – 3 cm lang. Emelankton Aadnesen fortalde at dei måtte vera svært varsame når dei sette ut yngelen, då der somme plasser var jernoksyd frå veiter slik at yngelen daua.

Taket på klekkeriet vart etter få år skifta og det vart støypt betongtak slik at det vart mindre trekk. Men arbeidet i klekkeriet var nok ofte kaldt og surt og Ingebret drog på åra. Han var fødd i 1863 og døydde i 1936. Alt i 1933 vart drifta lagt ned då Ingebret slutta. Ei medverkande årsak var nok at elva vart freda for fiske med garn frå 1933 i ein 5 års periode.

Under krigen var der ikkje drift i klekkeriet og etter krigen vart huset brukt til å lagra miner som vart nytta ved senking av elva. Seinare forfalt klekkeriet og i 50 – åra stod det mest som eit spøkelseshus til det vart reve om lag 1960.

Men det stod lenge som minne om dei som var føregangsmenner og som tenkte lengre enn til neste flaumdagen.

Kjelder:

Gåsland, T. med fleire: "Stavanger og Rogaland Jeger og Fiskeforening. 100 års jubileumsårbok 1903 – 2003", Stavanger 2003.

Gudmestad, O. T. : "Det gamle lakseklekkeriet på Nesheim i Nærbo", Jærbladet 21. september 1982.

Jæren Jakt og Fiskelag : "Jæren Jakt og Fiskelag gjennom 40 år, Jubileumsbok 1960 – 2000", Rotatrykk, 2000.

Mauritzen, S (red.): "Stavanger og Rogaland Jeger og Fiskeforening. 50 år, 1903 – 1953", Dreyers Aksjeselskap, 1953.

Samtalar med Inga Søyland, Emelankton Aadnesen, Ole Pallesen Nærland og Olav Njærheim i 1981 og 1982.